



# Årsrapport for HiSF (2015 – 2016)

Godkjent av Styret  
for Høgskulen i Sogn og Fjordane  
10. mars 2016



# Innhald

- I. Styrets si årsmelding
- II. Introduksjon til (av) verksemda og hovudtal
- III. Årets aktiviteter og resultat
- IV. Styring og kontroll i verksemda
- V. Vurdering av framtidsutsiktene
- VI. Årsrekneskap



## I. Styrets si årsmelding

---

### Overordna vurdering av dei samla resultat, ressursbruk og måloppnåing for året 2015

Høgskulen i Sogn og Fjordane er inne i ei positiv utvikling. Denne utviklinga har halde fram også i 2015.

Funksjonelle bygg både i Sogndal og Førde har auka attraktiviteten vår både for studentar og tilsette, sjølv om det med veksten har vorte knapt med areal begge stader. Statsbygg er i gang med å planleggje ombygging av «Gymnasbygget» i Sogndal, som vart kjøpt frå Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2014. Det betyr at vi er i gang med tredje byggjesteg i Sogndal med forventa innflytting i august 2018. Arbeid med planlegging av utvida bygningsmasse i Førde er i startfasen.

Høgskulen har hatt jamn og god auke i studentrekrutteringa i mange år. Ser ein 8-10 år attende, er HiSF blant uh-institusjonane med den største relative auken i søkjartalet. Tal primærsøklarar gjennom Samordna Opptak har passert 1500 og vi ser fram mot vidare auke. Målsetjinga er to primærsøklarar per utlyst studieplass. Søkjartala vil variere noko frå år til år av di fleire deltidsutdanningar har opptak annakvart år.

Høgskulen har hatt ei svært positiv utvikling både når det gjeld geografisk rekruttering og rekruttering av unge heiltidsstudentar. 2/3 av grunnutdanningsstudentane kjem utanfrå Sogn og Fjordane og få høgare utdanningsinstitusjonar har så stor del unge studentar. Studenttalet har vakse til lie under 4000 og vi reknar med å passere dette talet om kort tid.

Studentgjennomstrøyminga ved HiSF er svært god jamført med andre høgskular og universitet. Tal uteksaminerte gradskandidatar i 2015 var 733 og er det høgste nokon gong.

Tilbakemeldingane vi får gjennom Studiebarometeret og andre studentundersøkingar er svært gode. I undersøkinga som vart gjennomført hausten 2015 er det ingen andre høgskular eller universitetet som har så mange studieprogram i det nasjonale toppskiktet på dei ulike utdanningsområda. Høg kvalitet i studieprogramma med tett oppfølging av studentane og fornøgde studentar er vorte dei viktigaste varemerka for Høgskulen i Sogn og Fjordane. Studiebarometeret inneheld elles mykje informasjon som vi nyttar aktivt i arbeidet med å utvikle utdanningskvaliteten.

Våren 2015 fekk vi tilbakemelding frå NOKUT etter evaluering av høgskulen sitt system for kvalitetssikring av utdanningane. Systemet vårt vart godkjent, og det heiter mellom anna i konklusjonen: «Kvalitetskulturen og deltakinga i kvalitetsarbeidet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane synest å vere svært god. (...) Alle komiteen møtte verka å vere opptatt av kvalitetsarbeid, og var nøgd med tilveret ved høgskulen.» Den sakkunnige komiteen gav ei rekkje innspel til korleis vi kan vidareutvikle denne kvalitetskulturen, og det systematiske arbeidet med sikte på å nå høgste kvalitet i utdanningane våre.

På grunnlag av vedteken strategiplan i 2014, vart det etter grundige prosessar i 2015 vedteke strategi- og handlingsplan både for forskning og utvikling og for utdanning. Begge planane siktar høgt og har som målsetjing at høgskulen skal innfri dei kvalitetskrava som blir stilte frå Kunnskapsdepartementet. I samsvar med strategiplanen er det også arbeidd vidare med å få på plass mastergradstilbod på dei viktigaste utdanningsområda våre. I 2015 har vi særleg arbeidd med sikte på masterprogram innan naturfag (Climate Change Management), idrettsvitskap og spesialpedagogikk ved sida av å innfri krava til ny femårig grunnskulelærlærarutdanning på masternivå.

Eksterne inntekter har vore aukande i HiSF dei siste åra, og viser at vi er relevante for samfunn- og arbeidslivet vi samarbeider med. Inntekter frå Noregs Forskingsråd har og auka dei siste åra, og er no på eit stabilt godt nivå. Det tyder på at kompetansen vår er både relevant og etterspurd. Vi har to



store forskingsoppdrag finansiert av NFR, og fekk i 2015 tilslag på eitt nytt stort forskingsprosjekt om fri prosjektstøtte innan FRIPRO. Dette er svært vanskelege prosjektmidlar å nå opp i, og viser at vi og har forskingsmiljø heilt i det nasjonale toppskiktet.

Publiseringsindeksen har vore aukande dei siste åra, og i 2015 ser resultatene svært gode ut med ei vesentleg auke frå 2014 som var eit toppår. Samla publiseringspoeng ligg an til å komme godt over 100 publiseringspoeng, og vi ligg svært nær målet om 0,5 publiseringspoeng per fagtilsett. Auken er og venta å halde fram dei neste åra – særskilt frå dei store forskingsrådsprosjekta som no er satt i gang, og gjennom eit målretta arbeid for å gje meir og meir samanhengande tid til fou-arbeid til tilsette.

### **Kort omtale av sentrale forhold, interne og eksterne, som har hatt innverknad på oppnådde resultat**

Styret vart valt/oppnemnt frå 1. aug. 2015 og er inne i første året av styreperioden.

Det nye styret har hatt eitt styreseminar hausten 15 der tema var opplæring og strukturdebatt.

Det vert årleg laga rapport om utdanningskvalitet med analyse av utdanningskvaliteten. Analysen byggjer på årleg kandidatundersøking, undersøkingar av kor nøgde studentane er og data om opptak og inntakskvalitet. Rapport om utdanningskvalitet vert handsama av høgskulen sitt utdanningsutval og lagt fram for styret med tilråding om handlingsplan og budsjettmessige prioriteringar.

Som følgje av strukturdebatten, fokus på nasjonale kvalitetskriterium og utvikling av dei strategiske handlingsplanane for utdanning og fou har styret gjort ei større prioritering av midlar mot strategiske tiltak, som ein ventar skal slå positivt ut på kvalitetskriteria i framtida.

I 2014 vart det utarbeidd ein ny intern ressursfordelingsmodell som blei førande for 2015- budsjettet. Modellen tek i større grad omsyn til kategoriane som utdanningane er plasserte i. Ein vidareførte modellen i 2015, men gav han berre 1% verknad grunna store utslag mellom avdelingane.

Med stor auke i aktiviteten i høgskulen, ser vi at tilsette legg ned ein stor innsats. Forholdet mellom tal tilsette og studentar er høgt samanlikna med andre høgskular. Samstundes ser vi at sjukefråværet går ned i 2015. Tilbakemeldingar om at både tilsette og studentar trivst ved høgskulen gjer at vi har gode føresetnader for vidare fagleg utvikling.

### **Overordna framstilling av dei viktigaste prioriteringane for året 2016**

Ny strategisk plan for 2014-2018 blei utarbeidd med bakgrunn i ei svært positiv utvikling for HiSF. Styret meiner at godt langsiktig arbeid i HiSF med prioritet til å utvikle relevante studietilbod, vektlegging av studiekvalitet og tilrettelegging for å skape gode og attraktive fagmiljø, er hovudsatsinga vår.

Samstundes er omdømet til høgskulen viktig. Sunt samspel med omgjevnadane er avgjerande og har høg prioritet.

Høgskulen sine kjerneverdier er: «Kompetent, aktiv og tett på». Verdiane uttrykkjer det vi står for. "Sikt høgare" er visjonen, som viser at høgskulen har store ambisjonar og siktar mot å verte betre på alle felt. Særleg skal utdannings- og forskingskvaliteten styrkast. Vi skal ha ein velfungerande organisasjon med høg kompetanse.

HiSF si hovudoppgåve er å utdanne studentar som lukkast og å utvikle forskning som kan medverke til endringar i samfunnet.

Ny handlingsplan for fou blei vedteken i mars 2015, og fou- budsjettet for 2016 er innretta mot å oppfylle tiltaka i planen. Den er basert på strategiplanen for HiSF 2014-18. Målsettingane er:

- Høg vitenskapleg publisering med 0,5 publiseringspoeng per fagstilling i 2020
- Del tilsette med førstekompetanse/toppkompetanse er 50 pst. i 2018, og samstundes fleire med toppkompetanse og fleire stipendiatstillingar
- PhD-utdanning; utgreiing innan 2018, og etablert PhD-utdanning (tredje syklus) på fagfelte idrett, folkehelse, energi, ressursar og miljø innan 2020
- Sterke forskingsmiljø og forskingsgrupper med høgt tilslag av ekstern finansiering i NFR og vesentleg aktivitet mot EU i 2020
- Framifrå forskingsbasert undervisning (i 2018)
- Målretta kompetanseoppbygging (i 2018)
- Styrka internasjonalisering og auka mobilitet (i 2018)

Styret følgde opp planen ved å omprioritere budsjettmidlar frå fagleg administrasjon og undervisning for å realisere tiltak i planen. Det står att ein rest for å fullfinansiere alle målsetjingane.

I 2015 vedtok og høgskulen ny handlingsplan for utdanning basert på strategiplanen. Dei viktigaste målsetjingane er:

1. Studentar skal få tilbod om forskingsbasert utdanning med høg fagleg kvalitet
2. Høgskulen skal rekruttere kompetente og motiverte studentar til utdanningsprogramma
3. Høgskulen skal leggja tilhøva til rette for utvikling av «den gode læraren»
4. Kandidatar frå HiSF skal ha utdanning som er relevante for samfunns- og arbeidsliv
5. Tilhøva skal leggest til rette for at studentane lukkast i utdanninga
6. Studentar og tilsette skal oppleve ein framtidretta digital studiekvardag
7. Internasjonalisering skal vera ein integrert del av all verksemd ved HiSF

Styret følgde opp handlingsplanen ved å setje av 1 mill. ekstra midlar i strategiske tiltak til å styrke internasjonalt arbeid, satsing på bruk av IKT i undervisninga og UH-pedagogiske tilbod.

I samband med Årsrapporten for 2015-2016 vil styret særleg vektlegge:

- HiSF har ei brei fagleg portefølje som det er krevjande å utvikle. Samstundes dekker denne viktige kompetansebehov. Dei aller fleste studia har god søknad. Kvalitetssikring og spissing av eksisterande studietilbod vil bli prioritert høgare enn ekspansjon i fagleg breidde.
- HiSF held fram med å auke ressurstilførselen til fou og utdanning i samsvar med handlingsplanane.
- Ein aukar ressurstilførselen til internasjonalisering i samsvar med handlingsplanane.

### **HiSF framover**

Strukturdebatten har teke mesteparten av det overordna fokuset i 2015. Saka har stått på dagsorden ved høgskulen på alle styremøta, i alt 8 møte, og på to styreseminar. I tillegg har det vore sak på alle leiarmøter og interne personalsamlingar og samlingspunkt med tilsette. Saka har vore handsama i

Rådet for samarbeid med arbeidslivet i to møte, og drøfta med sentrale politikarar i fylket, dei relevante kommunane og med «Stortingsbenken» for Sogn og Fjordane.


Dekanane har i tillegg hatt dialog med sine samarbeidspartar og gitt innspel til rektor. Det har vore separate møte om struktursaka mellom leiinga av HiSF og leiinga ved Høgskulen i Volda, Høgskolen i Bergen (HiB) og Universitetet i Bergen. Leiinga ved HiSF har delteke på dialogmøte med departementet og Høgskulane på Vestlandet, og på møte mellom alliansepartnarane HVO, HiMolde og HIL. I tillegg har det vore møte mellom høgskulane som tidleg i 2015 valde å stå åleine. Saka har vore oppe på to styremøte i UH-nett Vest.

Det førre styret sitt standpunkt var at Høgskulen i Sogn og Fjordane skal halde fram som sjølvstendig høgskule. Standpunktet vart gjenteke i styrevedtaka våren 2015. Det nye styret valde hausten 2015 å oppretthalde standpunktet, men å gå inn i eit utgreiing om fusjon med Høgskulen i Bergen og Høgskulen Stord Haugesund, og å gjere ei eiga sjølvstendig utgreiing. Fellesutgreiinga konkluderer med at det vil vere flest føremonar med å gå inn i ein stor høgskule.

Høgskulen har ein klar ambisjon om å samarbeide med andre høgskular og universitet, i samverke med samfunns- og arbeidslivet i regionen, og å gi framifrå undervisning og utføre relevant forskning av høg kvalitet. Dette er nedfelt og forankra i strategiplanen til Hisf , 2014-18.

Høgskulen har sett på vidareføring av lokal autonomi som ein føresetnad for å realisere ønska strategisk profil. Det har vore ei viktig grunngeving for standpunktet om framhald som sjølvstendig institusjon i nært samarbeid med andre UH-institusjonar. Gjennom utgreiingsarbeida på slutten av 2015 har ein opna opp for å vurdere mulegheitene for å oppnå sterk lokal autonomi også innanfor ein større institusjon.

Sogndal, 10. mars 2016



Tord Ueland  
Styreleiar



Hans Johan Breidablik  
Styremedlem



Anneli Nesteng  
Styremedlem



Kari Kjennalen  
Styremedlem



Åse Neraas  
Styremedlem



Oddmund Løkenstgard Hoel  
Styremedlem



Ole Kleiven  
Styremedlem



Olav Fretland  
Styremedlem



Ingvald Auestad  
Styremedlem



Magnus Nordrum Brøste  
Styremedlem



Trine Ludvigsen Rygg  
Styremedlem



Rasmus Stokke  
Rektor



## II. Introduksjon til verksemda og hovudtal

---

### Frå HiSF sin strategiplan 2014-2018:

#### **Visjon:**

*Sikt høgare*

#### **Verdigrunnlag:**

*Kompetent Aktiv Tett på*

#### **Hovudmål:**

##### **HiSF skal:**

- ***tilby utdanning av høg kvalitet basert på det fremste innanfor forskning, fagleg utviklingsarbeid og erfaringskunnskap***
- ***utføre forskning og fagleg utviklingsarbeid av høg kvalitet som bidreg til endringar i samfunnet***
- ***gi studentar som byrjar på ei bachelorutdanning ved HiSF, utsikt til å fullføre ein mastergrad i HiSF, eventuelt i eit samarbeid mellom HiSF og andre utdanningsinstitusjonar***
- ***vere ein open, tilgjengeleg og engasjert kunnskapsinstitusjon som gjennom det faglege formidlingsarbeidet er synleg og set spor etter seg; særleg regionalt, men også nasjonalt og internasjonalt***


#### **Innleiing**

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) vart etablert 1994 etter at dei fem høgskulane, Sogndal lærarhøgskule, Sogn og Fjordane distriktshøgskule i Sogndal, Sogn og Fjordane sjukepleiehøgskule i Førde, Sogn og Fjordane ingeniørhøgskule i Førde og Høgskuleutdanninga på Sandane vart slegne saman.

HiSF har om lag 3900 studentar og 330 tilsette fordelt på studiestadane Sogndal og Førde. Fellesadministrasjonen, rektoratet og hovudtyngda av studia er lokalisert i Sogndal. I Sogndal ligg Avdeling for lærarutdanning og idrett (ALI), Avdeling for samfunnsfag (ASF) og Avdeling for ingeniør og naturfag (AIN – naturfag). I Førde finn vi Avdeling for helsefag (AHF) og AIN- ingeniør og teknologi. I tillegg driv høgskulen eit studiesenter på Sandane.

I 2015 hadde HiSF inntekter frå tildelinga på 363 mill. og totale inntekter var 418 mill. Meir utfyllande statistikk kan finnast på nettet under database for statistikk om høgare utdanning (DBH).

Vår hovudoppgåve er å utdanne studentar som lukkast og å utvikle forskning som kan medverke til endringar i samfunnet. HiSF har dei siste åra hatt god studentrekruttering og bygd ut heilskaplege campus for utdanning og forskning både i Sogn og Fjordane og Førde. Vi har nye bygg begge stadar med god infrastruktur for studentar og tilsette.



Figur 1: Organisasjonskart:  
**Utdanning**

HiSF har mange yrkesretta bachelorutdanningar. Høgskulen utdannar arbeidskraft som tilfører regionen viktig kompetanse. For skule- og barnehagesektoren og helse- og sosialsektoren er høgskulen sine utdanningar avgjerande for kvaliteten. Skulane i Sogn og Fjordane har resultat i landstoppen, noko som i stor grad vert tilskrive det tette samarbeidet med HiSF om utvikling og tilpassing av studietilbodet både når det gjeld grunn- og vidareutdanningar. Det er utdanningar som er tett kopla til praksisfeltet. Mange av vidareutdanningane våre er utvikla saman med arbeidslivet i fylket i formelle samarbeidsfora som er med å legge premissar for fagleg kunnskapsutvikling i regionen. Høgskulen har akkrediterte mastertilbod på nokre utdanningsområde, og har ambisjon om å utvide tilbodet stegvis framover.

Høgskulen sitt utdanningstilbod:

- 4 masterutdanningar
- 21 bachelorutdanningar
- 9 årsstudium
- 39 vidareutdanningar

Hausten 2015 vart Studiebarometeret, NOKUT si undersøking av studentane sine tilbakemeldingar om kvalitet i utdanningane gjennomført for tredje gong. Undersøkinga stadfestar at HiSF sine studentar gjennomgåande er meir nøgde enn landssnittet, og på nokre utdanningar er vi i den

absolutte landstoppen. Det gjeld når me ser på den gjennomsnittlege scoren hjå alle HiSF-studentane, og det gjeld når me ser på dei einskilde studieprogramma. Svært mange av programma plasserer seg heilt i landstoppen når det gjeld studentane si vurdering av den samla studiekvaliteten. Høgskulen sine lærarutdanningane fekk særleg gode resultat.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har gode resultat for gjennomstrøyming, studiepoeng-produksjon og kandidatproduksjon. Høgskulen har ein Tett-på-kultur som gir studentar og tilsette gode vilkår for samhandling om studium og som støttar utvikling av eit positivt læringsmiljø.

Høgskulen har styrka rekrutteringa til dei fleste studium dei seinare åra. Mange av våre studium har nasjonal rekruttering, slik at ein betydeleg del av studentane kjem utanfrå fylket.

## **Forsking**

Forsking og utviklingsarbeid av høg kvalitet er eit viktig kjenneteikn ved ein god høgskule. HiSF har dei siste åra styrkt forskingsinnsatsen betydeleg.

HiSF har vald ut fem strategiske forskingsprogram fram til 2017 som byggjer på tema og problemstillingar som er relevant for regionen. Desse satsingane er:

- Idrettsforsking
- Læringsforsking
- Natur- og miljøvitskap
- Kunnskapsleiing i førstelinja
- Samhandling, innovasjon og styring i offentleg sektor

Det er i tillegg etablert eit strategisk forskingssenter innan helseforsking saman med Helse Førde; Senter for Helseforsking. Alle prosjekta har lokale samarbeidspartnarar som mellom anna Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogndal fotball, Helse Førde, Helsetilsynet, Fylkesmannen og kommunane i Sogn og Fjordane, i tillegg til nasjonale og internasjonale samarbeidspartar.

Det er ei målsetting å få fleire eksternfinansierte forskingsprosjekt. HiSF hadde i 2015 tre store prosjekt finansierte av Norges forskingsråd:

- Lærande regionar - som har sett på viktige faktorar for gode skuleprestasjonar på nasjonale prøver.
- ASK – active smarter kids, som ser på samanhengen mellom fysisk aktivitet og skuleprestasjonar.
- RELEASE – renewable Energy Projects, som ser på lokale konsekvensar av utbygging av fornybar energi. Prosjektet har medfinansiering frå Sogn og Fjordane Energi, Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hydro Energi.

Lærande regionar blei avslutta med ei stor sluttkonferanse i mars 2015. Prosjektet har fått mykje merksemd rundt resultatane på kva som kan vere viktige faktorar for gode skuleprestasjonar. I januar 2016 fekk HiSF tilslag på FRIPRO-prosjektet TRAUM (Transforming Author Museums). Dette er eit tverrfagleg og strategisk viktig prosjekt som skal sjå på forfattarmuseer i endring frå mange ulike vinklar; kulturpolitisk, historisk, turismefagleg og økonomisk.

Å få tilslag på EU-midlar er særdeles utfordrande, men strategisk viktig. HiSF er partnar Horisont 2020 prosjektet MOVE – Mapping mobility – pathways, institutions and structural effects of youth mobility in Europe som fekk tilslag i 2015. Prosjektet ser på moglegheiter for å betre forholda for, og redusere dei negative effektane av, mobilitet av unge menneske i Europa.



## III Årets aktiviteter og resultat

### A: Resultatrapportering for 2015

#### Sektormål 1

#### Høg kvalitet i utdanning og forskning

##### 1.1 Verksemdsmål

Høgskulen skal rekruttere mange kompetente og motiverte studentar til utdanningane. Høgskulen skal ha særleg fokus på regional rekruttering til profesjonsutdanningane og nasjonal rekruttering til utdanningar innan idrett/friluftsliv og energi/ressursar/miljø

##### 1.1.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjonsnivå 2015	Gj.snitt statlege høgskular 2015
	2012	2013	2014	2015		
Primærskolar gjennom Samordna Opptak	1285	1576	1216	1551	1600	-
Primærskolar per utlyst studieplass i SO-opptaket	1,66	1,79	1,48	1,69	1,75	2,2*
Gjennomsnittskarakter nye frammøtte studentar via SO	3,89	3,9	3,92	3,98	3,95	3,95
Nye studentar rekruttert gjennom SO	853	942	840	919	950	-
Nye studentar rekruttert utanom SO	711	637	791	814	750	-
%-del av nye studentar frå SFj som byrja ved HiSF (SO)	23,7	24,5	20,3	22,6	25	-
%-del nye HiSF-studentar som er frå andre fylke enn SFj (SO)	67,1	67	68,8	68,8	65	-

\*Tal for sektoren samla

##### 1.1.2 Analyse

På grunn av endringar i studietilbodet, særleg opptak annakvart år til nokre deltidsutdanningar, er det vanskeleg å samanlikne tala år for år. Resultata for 2015 er mest samanliknbare med tala frå 2013. Tala viser at vi held fram den positive trenden i 2015, og er på høgde med rekordnivået frå 2013. Spesielt gledeleg er tala for inntakskarakterar, som er det høgste nokon gong, og over gjennomsnittet for statlege høgskular.

Gjennomgåande er resultata knytt til rekruttering av studentar positive. Særleg gledeleg er auken i søkinga til grunnskulelærerutdanning. Høgskulen rekrutterer breitt geografisk, og i 2015 hadde 2/3 av søkjarane heimstadsadresse utanfor Sogn og Fjordane. Høgskulen har nasjonal rekruttering særleg

til utdanningar innan idrett og naturfag. Rekrutteringa er meir regional til fleirtalet av profesjonsutdanningane. Marknadsdelen vår når det gjeld nye studentar frå Sogn og Fjordane auka noko i 2015, men ikkje tilstrekkeleg til å nå målsetjinga om at 25% av nye studentar frå fylket vel HiSF. Vi rekrutterer mange unge heiltidsstudentar, svært få høgskular har like stor del av søkjarane i aldersgruppa 21 år og yngre.

Høgskulen sin profil er «Tett på»- kulturen vår, med nære relasjonar mellom studentar, fagtilsette og praksisfeltet. Også i 2015 fekk vi svært gode tilbakemeldingar frå studentane i Studiebarometeret. Nøgde studentar er noko vi nyttar aktivt i omdømmebygginga og framhevar i marknadsføringa av institusjonen og utdanningane våre.

I rekrutteringsarbeidet har vi nytta «remarketing» (oppfølging av personar som besøker nettsidene våre) som nytt verktøy i 2015. Elles har vi halde fram med å satse på bruk av studentambassadørar, og vi har utvida verksemda med besøk i vidaregåande skular, særleg i Oppland og Buskerud.

Grunnskulelærarutdanninga har hatt særskild merksemd i rekrutteringsarbeidet, mellom anna med regionalt samarbeid om samlingsbaserte GLU-tilbod. Vi har bevisst rekruttert studentambassadørar frå GLU for å sikre oss god kompetanse på dette feltet når vi er på skulebesøk og utdanningsmesser.

Vi rekrutterer godt også utanfor det nasjonalt samordna opptaket, til master- og vidareutdanningane våre. Vi laga ei eiga brosjyre for master- og vidareutdanningane. Denne vart distribuert regionalt til samarbeidspartnarar, institusjonar og tidlegare grunnutdanningsstudentar. I tillegg er det sendt ut nyheitsbrev med info til desse gruppene.

Høgskulen har arbeidd over lengre tid for å få betre kjønnsbalanse i fleire av utdanningane. På barnehagelærarutdanninga såg vi resultat av dette hausten 2015, der det var stor auke av menn i heiltidskullet (37 % menn). På sjukepleiestudiet har det vore arbeidd med å få mannlige sjukepleiarstudentar til å promotere utdanninga. Det er gledeleg å sjå at blant dei mannlige sjukepleiarstudentane som startar hjå oss, er det ein større del som gjennomfører enn det er på nasjonal basis.

Vi har generelt eit godt og nært samarbeid med relevant samfunns- og næringsliv i fylket om rekruttering av studentar. I 2015 vart det til dømes vedteke å etablere ny byggingeniørutdanning i samarbeid med Høgskolen i Bergen, etter sterkt ønskje frå næringslivet i fylket som treng denne kompetansen. Studiet vil ha oppstart hausten 2016.



## 1.2 Verksemdsmål

Høgskulen skal ha studentar som lukkast i utdanningane. Vi skal vere blant høgskulane med best gjennomstrøyming og høgast poengproduksjon per heiltidsekvivalent

### 1.2.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjonsnivå 2015	Gj.snitt statlege høgskular 2015
	2012	2013	2014	2015		
Totalt studenttal per 1.10	3831	3678	3887	3783	3800	-
Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar 1.10	2797	2854	2967	2924	2950	-
Studiepoeng per heiltidsekvivalent	50,8	52,4	51	51	51	48,9
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeiningar)	2368	2493,6	2520,9	2498,6	2510	-
Kandidatproduksjon	527	637	645	733	660	-
Gjennomføring i samsvar med avtalt utdanningsplan (%)	88,7	91,4	89,6	88,52	91	88,1
Gjennomføring på normert tid for bachelorkandidatar 2012-kullet (%)	57,4	61,5	61,1	60,52	63	56,73
Gjennomføring på normert tid for masterkandidatar 2013-kullet %			59,1	54,55	60	37,75
Del uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare			75	83,4	100	-
Tal avlagde doktorgrader	2	4	3	4	5	-
Kandidatmål sjukepleie			122	154	110	
Kandidatmål vernepleie			28	31	21	
Kandidatmål BLU			20	53	35	
Kandidatmål GLU 1-7			26	31	30	
Kandidatmål GLU 5-10			18	23	26	
Kandidatmål PPU			92	36	48	
Kandidatmål AOI				15	11	

\*\*Kjelde: Årlege kandidatundersøkingar. Respondentane er uteksaminerte kandidatar frå fleirårige studium og PPU som svarar eit halvt år etter at utdanninga er avslutta.

\*\* Kjelde: Studiebarometeret.no. NOKUT 2015. Kolonna lengst til høgre nasjonalt resultat.

### 1.2.2 Analyse

Det samla studenttalet gjekk som venta ned i 2015, hovudsakleg på grunn av avviklinga av samarbeidet med Gateway College. Nedgangen påverka ikkje studiepoengproduksjonen per heiltidsekvivalent, som framleis ligg klårt over gjennomsnittet for høgskulane og for sektoren samla. I 2015 har vi også ein svært stor auke i kandidatproduksjonen. Dette er resultat av store kull i nokre bachelorprogram, inkludert deltidskull, og masterprogram som no produserer fleire kandidatar. Det samla resultatet for kandidatproduksjon ligg over målsettinga.

Resultata for utdanningsprogram med kandidatmåltal er jamt over positive. Unntaket er PPU, der resultatet svingar frå år til år grunna opptak av deltidskull annakvart år. Når det gjeld AOI, vart det teke opp 20 nye studentar i 2015. Dette er nær maksimum av kva praksisfeltet kan ta imot.

Gjennomføring på normert tid i bachelorutdanningane ligg på eit stabilt høgt nivå jamført med gjennomsnittet både for sektoren og for høgskular. Svært få samanliknbare utdanningsinstitusjonar har like gode resultat. Gjennomføring på normert tid er også god i masterprogramma, men her gir dei offisielle tala eit skeivt bilete av di studentane ved master i idrettsvitskap får tildelt grad frå Norges idrettshøgskole. I 2015 vart arbeidet starta med å førebu søknad om eiga akkreditering for denne utdanninga.

For å sikre god gjennomføring og kandidatproduksjon, er det viktig å byrje tidleg med innarbeiding av gode studieveanar. Vi gjennomfører kurs i studieteknikk for alle nye studentar, og hausten 2015 prøvde Karrieresenteret ut eit «mentor-prosjekt» på lærarutdanninga. Her vart erfarne studentar brukt som mentorar for dei nye studentane, der hovudoppgåva var å formidle studieteknikk og gode studieveanar og såleis vere med å utvikle sjølvstendige studentar. Mentorane har også hatt som oppgåve å vere diskusjonspartnar både i faglege og sosiale spørsmål.

Vi er også over det nasjonale snittet med omsyn til gjennomføring etter avtalt utdanningsplan. Vi har satsa mykje på å halde oppe dei gode resultatane, og tett oppfølging av studentar med gode tilbakemeldingar undervegs i studia er høgt prioritert på alle utdanningane våre.

For å sikre god tilrettelegging av læringsmiljøet blir det både gjennomført utdanningssamtalar, emneutvalsmøte, klassens time med meir. Vi kan nemne eit konkret døme frå barnehagelærarutdanninga; her får studentane tildelt kontaktlærar som har utdanningssamtalar med si gruppe studentar – både i gruppe og individuelt, spesielt i 1. og 2. årssteg.

Vi arbeider målretta med sikte på å gjere studentane meir aktive i undervisinga, mellom anna med bruk av meir aktive undervisningsformer som prosjektarbeid og praktiske øvingar, drøftingsoppgåver og bruk av case, praksisforteljingar, prosjektarbeid og «omvendt klasserom», der studentane underviser kvarandre med læraren som rettleiar. Det har også blitt tatt i bruk nye digitale læremiddel på fleire av utdanningane våre, som til dømes «Learning Catalytics» og «Kahoot». Dette er digitale program der studentane svarar på spørsmål og blir testa i kor mykje dei har lært av fagstoffet.

Vi arbeider kontinuerleg med utvikling av utdanningane, og sikring av god kvalitet i desse. Basert på interne drøftingar og tilbakemeldingar frå NOKUT i 2015, har vi endra rutinane for rapport om utdanningskvalitet. Dei nye rutinane vart vedteken i Utdanningsutvalet hausten 2015, og første rapportering etter ny mal vil skje frå våren 2016. Hovudendinga er at vi vil spisse kva tema som skal rapporterast på både på institusjons-, avdelings og instituttnivå. Dette gjer vi for å avgrense datagrunnlaget og såleis få ein grundigare analyse av resultat og utvikling på eit felt.

Svara frå Studiebarometeret og tilgangen vi no har til rapportar både på program-, avdelings- og institusjonsnivå vil vere gode verktøy for å plukke ut tema for rapporteringa, og såleis finne område

der det bør vurderast å settast inn tiltak. Sidan Studiebarometeret er ei årleg undersøking, vil det vere lett å sjå om svara endrar seg på desse områda frå år til år.

HiSF har ikkje eigne doktorgradskandidatar, men har finansiert 12 doktorgradsheimlar frå Kunnskapsdepartementet der ein er øyremerka helse- og sosial, lærarutdanning og ingeniørfag. Tidleg i 2016 har HiSF og fått tildelt to mellombelse og ei ny fast doktorgradstilling for å styrke femårig grunnskulelærarutdanning. HiSF har hatt samarbeidskandidatar med doktorgradsgjevande institusjonar både nasjonalt, og også internasjonalt i aukande grad. Høgskulen har hatt god gjennomstrøyming på doktorgradskandidatane. Det er likevel grunnlag for å følgje dette tett opp framover både gjennom klare forventningar og retningslinjer til doktorgradskandidatane som er finansierte av HiSF, gjennom tildeling av interne rettleiarar for samarbeidskandidatar, og ved å inkludere stipendiatane i gode forskingsgrupper med ein etablert kultur for fagleg oppfølging og gjennomføring. HiSF har ei målsetting om at alle samarbeidskandidatar tekne opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare, skal ha disputert.



### 1.3 Verksemdsmål

Høg utdanningskvalitet, tett oppfølging og eit stimulerande og trygt læringsmiljø skal vere varemerke for HiSF

#### 1.3.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjonsnivå 2015	Gjennomsnitt nasjonalt 2015
	2012	2013	2014	2015		
Studentar per fagleg årsverk	19,7	17,7	18,1	16,9	17,5	17,3
%-del kandidatar som seier dei er svært godt eller godt nøgde med studieopphaldet ved HiSF*	87	88	90	90	90	-
%-del kandidatar som meiner arbeidstilhøve ved HiSF var gode eller svært gode*	71	67	71	72	80	-
Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om kor tilfreds studentane er med eige læringsutbytte**		3,7	3,8	3,8	3,9	3,7
Skår på studiebarometeret.no på indeksen om undervisning og rettleiing**			3,7	3,8	3,8	3,6
Skår på studiebarometeret.no når det gjeld kor nøgd studentane, alt i alt, er med eige studieprogram. **		4,3	4,3	4,3	4,4	4,1
Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om kor tilfreds studentane er med bibliotek og bibliotektenester**		4,4	4,4	4,4	4,5	4,2
Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om kor tilfreds studentane er med ikt-tenestene**		4,1	3,9	3,9	4,1	3,8

\*\*Kjelde: Årlege kandidatundersøkingar. Respondentane er uteksaminerte kandidatar frå fleirårige studium og PPU som svarar eit halvt år etter at utdanninga er avslutta.

\*\* Kjelde: Studiebarometeret.no. NOKUT 2015. Kolonna lengst til høgre nasjonalt resultat.

#### 1.3.2 Analyse

Resultata frå Studiebarometeret viser at studentane våre framleis er blant dei aller mest nøgde studentane i landet. Ingen andre institusjonar har så mange studieprogram i det nasjonale toppskiktet. Resultata er over landsnittet både når det gjeld tilfredsheit med eige læringsutbytte, indeksen om undervisning og rettleiing, bibliotektenester og IKT-tenestene. Vi når ambisjonsnivået vårt på dei fleste områda, og resultata har vore stabilt gode i alle undersøkingane som har vore gjennomført sidan NOKUT starta opp studiebarometeret.no. Dette samsvarar også med svara frå våre eigne undersøkingar blant uteksaminerte kandidatar, der 90 % er godt eller svært godt nøgde med studieopphaldet sitt ved høgskulen, og 72 % meiner at arbeidstilhøva var gode eller svært gode.

Sjølv om resultatane våre er gode, er vi oppteken av å halde fram med utvikle kvaliteten i utdanningsprogramma våre. Dette er gjenspegla i den nye strategi- og handlingsplanen for utdanning som styret vedtok i juni 2015.

Her blir det mellom anna stilt krav om at fagtilsette utan formell høgskulepedagogisk basiskompetanse ved tilsetjing må skaffe seg dette ved å delta på høgskulen sine tilbod om vidareutdanning i løpet av tre år. I 2015 vart det gjennomført eitt emne med god deltaking (Digital kompetanse i høgare utdanning). Frå 2016 er det sett av midlar slik at vi kan tilby to høgskulepedagogiske emne kvart år.

Etablering av bachelorforum, masterforum og praksisforum er også tiltak som er godt i samsvar med Handlingsplan for utdanning. Så langt har desse foruma primært vore arenaer for erfaringsutveksling og deling av kunnskap på tvers i høgskulen på programnivå. Aktuelle tema i 2015 var forskingsbasert undervisning, rettleiing og sensurering av master- og bacheloroppgåver, samordning av metodeundervisning, opplæring i akademisk skriving og samordning av arbeid mot praksisfeltet på tvers av utdanningar.

Biblioteket har undervisning i litteratursøking for svært mange studentar. Kjeldekritikk, referansehandtering og plagieringsproblematikk er integrert i undervisninga. Også kurs i referansehandteringsprogrammet EndNote gir auka kjeldekompetanse. Avdelingane arbeider også med dette, særleg knytt opp mot studentane sitt arbeid med bacheloroppgåva.

Utvikling av digital kompetanse er strategisk satsingsområde for høgskulen, og det er eit eige mål- og handlingsområde i Strategi- og handlingsplanen for utdanning. Stadig fleire utdanningar tek i bruk digitale læringsverktøy i undervisninga, og tilsette og studentar blir kursa i bruk av Smart Board og Adobe Connect. I 2015 vart det gjennomført 40 digitale eksamenar, i tillegg til munnleg eksamen på nett via Adobe Connect.

I plandelen av årsrapporten for 2014 og i strategi- og handlingsplanen for utdanning heiter det at vi ville vurdere å søkje om å bli Senter for framifrå utdanning med vekt på dei nettbaserte og samlingsbaserte utdanningane våre. Dette har vi per dags dato «lagt på is», då vi ser at det vil vere for krevjande å få til på noverande tidspunkt, ikkje minst med tanke på dei strukturprosessane høgskulen er inne i.

Eit godt fysisk og sosialt studentmiljø er viktig både for trivselen til noverande studentar og rekruttering av nye. Både læringsmiljøutvalet og Studentparlamentet har ei sentral rolle i dette arbeidet, og vi ser at studentorganisasjonane må spele ei aktiv rolle i dette arbeidet. Hausten 2015 vart difor stillingsressursen til leiaren av Studentparlamentet auka frå 50 til 100 %. Frå før har parlamentet ei 70% stilling som sekretær.

I april 2015 vart den årlege «Tett på- konferansen» arrangert for femte gong med god oppslutning av studenttilitsvalde, leiarar og anna nøkkelpersonale frå høgskulen. Årets tema var korleis vi kan leggje til rette for at studentane lukkast i utdanningane.

Vi har eit nært og godt samarbeid med studentorgane, SISOF og vertskommunane, med jamlege møtepunkt. Dei tette banda er med på å leggje tilhøva til rette for vekst og utvikling. Til dømes har Høgskulen vore med på å finansiert parkeringsplassar i samband med utbygginga av nye studentbustadar i Sogndal, som vil komme både tilsette og studentar ved Høgskulen til gode. Frå hausten 2015 er det innført som fast ordning at leiaren i studentparlamentet deltek i høgskulen sine ordinære leiarmøte.

## 1.4 Verksemdsmål

Høgskulen skal styrke internasjonal aktivitet, ha fokus på kvalitet og vere ein attraktiv partner for internasjonalt samarbeid

### 1.4.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjonsnivå 2015	Gj.snitt statlege høgskular 2015
	2012	2013	2014	2015		
Utvekslingsstudentar	82	75	90	87	110	-
Studentmobilitet Erasmus+			30	28	43	-
Tilsettmobilitet Erasmus+			10	10	20	-
Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om HiSF legg godt til rette for utveksling til utlandet*		3	3		3,5	-

\* Spørsmålet er ikkje med i Studiebarometeret si undersøking i 2015.

### 1.4.2 Analyse

Tala frå DBH syner ein svak nedgang i tal utvekslingsstudentar for studentar med opphald over 3 månader. Høgskulen har hatt ein samla auke i talet personar som har vore på utveksling i 2015 om vi tek med praksisopphald frå 4-8 veker. Dette gjeld særskilt studentar på sjukepleie, barnehage- og grunnskulelærer. Grunna kortare opphald enn det som er vanleg, vart heller ikkje sjukepleiestudentane (6 stk) som var i Zambia våren 2015 medrekna.

Vi har ikkje nådd målet om å auke utvekslinga på Erasmus+ program, og ser vi må jobbe meir strategisk med dette framover, både i samband med partnerskapsavtalane våre og i marknadsføringa av desse. Det har vore auka interesse og aktivitet knytt til partnerskapsavtalar og inngåing av desse i 2015.

I høgskulen sin nye strategi- og handlingsplan for utdanning er det lagt betydeleg vekt på styrking av internasjonalisering av utdanningane våre. Ei hovudmålsetting er at «Internasjonalisering skal vere ein integrert del av all verksemd ved høgskulen». Eit av tiltaka her er at «internasjonale perspektiv skal vere ein integrert del av alle utdanningsløp», både gjennom internasjonal vinkling i studieplanane og tilrettelegging for utveksling. Internasjonalt forum sett saman av viserektorane, dekanar og internasjonale koordinatorar skal vere pådrivar og gi leiingsforankring til arbeidet med internasjonalisering.

I studieplanane er det lagt opp til delstudium og/eller praksisopphald i alle bachelor- og masterutdanningar, og høgskulen har mange relevante avtalar. Men mange utdanningar manglar god tilrettelegging for utvekslingssemester med konkretisering av relevante emne.

Vi arbeider med å få på plass integrerte fagtilbod på engelsk på grunnutdanningane. Målet er å få til god integrasjon mellom innreisande og eigne studentar, men dette er vanskeleg av både faglege og språklege grunnar. Nokre studentar og tilsette vegrar seg for å bruke engelsk som undervisningsspråk. For å auke rekruttering av internasjonale studentar arbeider vi med å setje saman nye engelskspråklege semesterprogram med utgangspunkt i emne som alt vert undervist. Hausten 2015 hadde vi i tillegg oppstart på eit nytt engelskspråkleg tilbod for internasjonale studentar; «Outdoor Education and Nordic Friluftsliv.»



Høgskulen søkte hausten 2015 om akkreditering av eit engelskspråkleg masterstudium; Climate Change Management.

Det er auka interesse for tilsettemobilitet, og høgskulen søkte om ekstra Erasmus+ midlar frå SIU i 2015. Vi fekk negativt svar på søknaden, og høgskulen hadde ikkje egne ressursar til å sende ut fleire tilsette. Auka interesse for fagleg mobilitet er positivt, og vil styrke det samla arbeidet med internasjonal orientering av utdanningane.

Når det gjeld internasjonalisering og FoU, hadde vi ei målsetting om å tilby internasjonaliseringsstipend for tilsette. Vi lukkast ikkje med dette i 2015, men dette vil bli lyst ut i løpet av våren 2016. Høgskulen er partner i eit Horisont 2020 prosjekt, MOVE, som handlar om ungdom sitt flyttemønster i Europa.

## 1.5 Verksemdsmål

**HiSF skal auke talet på publikasjonar til å bli ein høgskule med høg vitenskapleg publisering, og skal ha høg fagleg og forskningsetisk kvalitet på fou-arbeidet**

### 1.5.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing 2015	Snitt SH 2014
	2012	2013	2014	2015		
Publikasjonspoeng	50,1	40,1	71,3	105,7	65	-
Publikasjonstal – nivå 2-andel (%)	9,6	5,6	8,1	10,4	10	11
Auke i publikasjonspoeng (%)	30,3	-20	77,8	48,4	20,4	-
Publikasjonspoeng per UFF-stilling	0,26	0,19	0,33	0,48	0,3	0,42
Del årsverk i førstestillingar av UFF (%)	36,4	38,4	38,5	42,7	43	-
Tal årsverk i dosentstillingar	5	4	4	6	6	-
Tal årsverk i professorstillingar	6,5	8,3	7,8	11	11	-
Tal årsverk i stipendiatstillingar	19,7	21,8	20,1	26	26	-

### 1.5.2 Analyse

HiSF arbeidar strategisk med mål om å auke den vitenskaplege publiseringa. Talet på publikasjonspoeng har variert noko dei fem siste åra, men har dei siste tre åra synt ein kraftig og stabil auke. Det er for 2015 innført ein ny metode for berekning av publikasjonspoeng, og talet er såleis ikkje direkte samanliknbart med tidlegare år. Ein ser likevel at den gode trenden frå 2014 held fram i 2015, med ein ytterligere auke på om lag 48 %. Dette betyr at vi for 2015 ligg føre prognosen for å nå målet om 0.5 publikasjonspoeng per vitenskapelig tilsett i 2020, men det vil framleis vere fokus på å auke delen kunnskap vi publiserer i fagfelleverderte kanalar. Publikasjonstala vil ha ein normalvariasjon over fleire år, men det er likevel grunn for å seie at vi har hatt ei positiv utvikling på publikasjonstal dei siste åra.

Dei strategiske forskingsprogramma som blei starta opp i 2013 er nå komme halvveges i sin tildelingsperiode. Ei evaluering av programma visar ei auka publisering innanfor dei fleste programma og ei styrka bevisstgjerung rundt publisering i poenggeivande tidsskrift. Ei auke av fou-tid til tilsette som har stort publikasjonspotensiale er og med på å bidra til å nå målsettinga om auka publisering. Dei institusjonelle fou-stipenda som vart innført i 2013 har gjeve ønska resultat. Vi har

samla sett nytta om lag 14 millionar kroner på desse fou-stipenda over tre år som nyttast både som kompetansehevingstiltak og til å gje erfarne forskarar samanhengande forskningstid. Innføring av ein meir resultatbasert og differensiert fou-ressurs er og venta å bidra positivt til ytterlegare publiseringssauke.

Framleis er det slik at vi på nokre fagområder har for lav del tilsette med førstekompetanse. Vi ventar at dette vil betre seg gjennom rekruttering og gjennom langsiktig arbeid retta mot kompetanseheving av eigne tilsette. Høgskulen har lagt vekt å bygge sterkare fagmiljø og å auke tal årsverk i førstestillingar og professor-/dosentstillingar. Ein har og sett gode resultat av å organisere fou-aktiviteten med vekt på å byggje opp forskingsgrupper som omfattar mange tilsette. Publikasjonspoenga aukar gjennom at fleire tilsette publiserer poenggjevande, og i mindre grad av at få produserer meir. Det vart i 2015 starta eit arbeid for å få på plass eit kompetanseprogram som eit målretta kompetansetilbod til tilsette utan førstekompetanse. Om lag 30 vitskapelege tilsette har meldt interesse for tilbodet. Det har vore organisert fleire samlingar gjennom året, med fokus på både formelle krav, fremmleggjing av tekst og vurderingar av opprykkssøknadar, rettleiing og mentorordning. Arbeidet held fram med å utvikle dette til eit breiare, poenggjevande kompetanseprogram som og kan inkludere fleire grupper (eks PhD-stipendiatar), med mål om oppstart hausten 2016. Mange fagmiljø har tilsette i doktorgradsløp eller organiserte førstelektorløp i 2015, og har fleire kandidatar som vil søkje opprykk til toppstillingar dei neste åra.

Høgskulen arbeidar aktivt med å ha høg forskningsetisk kvalitet på fou-arbeidet. I 2015 har det vore arbeid vidare med forskningsetiske rutinar med spesifikke tiltak retta mot stipendiatane i form av ei forskningsetisk dag. Det nasjonale arbeidet med nye forskningsetiske retningslinjer og revisjon av forskningsetikklova har også initiert eit arbeid med å revidere administrative rutinar. Seksjon for fou har starta et arbeid i samband med institusjonens ansvar for å informere tilsette om forskningsetiske retningslinjer og om sakshandsaming i samband med handtering av vitskapelig uredeligheit. Det er og utvikla eit betra system for sikker lagring av forskingsdata for å sikre opplysningar som kjem under reglar for personvern, og for å sikre at data lagrast på ein forsvarleg måte og innanfor dei tidsramane som gjeld.

Seksjon for fou starta i 2015 opp ei fou-seminar serie kor ulike problemstillingar og utfordringar knytta til fou-arbeidet vert tatt opp. Dette er meint som eit tiltak for å inspirere, motivere og informere fagtilsette i deira fou-kvardag. Seminara kan være korte forelesingar, lengre seminar og kurs. Både interne og eksterne fagfolk har bidrege med kompetanse.

## 1.6 Verksemdsmål

**HiSF skal særleg utvikle praksisnære fou-prosjekt på regionale problemstillingar med nasjonal eller internasjonal relevans, og involvere studentar meir i forskings- og utviklingsarbeid**

### 1.6.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing
	2012	2013	2014	2015	2015
Tal publikasjonar frå studentoppgåver	8	5	6	8	10
Tal studentforfattarar	0	1	11	16	10
Tal nye lærebøker og fagbøker	2	7	10	14	10

**Kvalitativ styringsparameter:**

- **Resultatoppnåing på forskning i forhold til vår eigenart**
- **Samspel mellom forskning og utdanning**

### 1.6.2 Analyse

Høgskulen har god resultatoppnåing innan dei fleste strategiske satsingsområda. Ein midtvegsevaluering gjennomført av dei strategiske forskingsprogramma i 2015 synar at det er mange positive verknader av satsinga, både med tanke på publisering, involvering av fleire fagtilsette og studentar i forskingsarbeid, prosjektutvikling og ekstern prosjektsøking, etablering av nettverk og fagleg samarbeid både regionalt, nasjonalt og også internasjonalt.

Fleire av dei store forskingsprosjekta ved HiSF tek utgangspunkt i praksisnære problemstillingar, og er designa og blir gjennomført med utgangspunkt i dette verksemdsmålet. Høgskulen sitt største eksternfinansierte forskingsprosjekt, ASK (Active smarter kids) ser på samanhengen mellom fysisk aktivitet og innverknaden på skuleresultat. Prosjektet har våren 2015 gjennomført datainnsamling og er no inne i ei spanande fase med analyse. Både lokale og internasjonale aktørar er knytt til prosjektet. I dette prosjektet har ein lukkast særst godt med å forankre og gje eigarskap til prosjektet lokalt i kommunen, hjå offentlege institusjonar og andre relevante aktørar med engasjement for skulen. Det er og starta ei satsing på å sjå på kor fysisk aktive barn i barnehagen er gjennom prosjektet The Sogn og Fjordane Preschool Physical Activity Study (PRESPAS). Her er mange barn i barnehagar i fylket entusiastisk med i prosjektet og går med aktivitetsmålarar nokre veker i året. Prosjektet har fått noko finansiering men arbeidar aktivt med å auke omfanget på prosjekta.

Prosjektet Lærande regionar hadde sin avsluttingskonferanse våren 2015. Resultata frå prosjektet har fått stor merksemd nasjonalt og har skapt stort samfunnsengasjement og debatt, og det vart i 2015 publisert ein antologi frå prosjektet. Eit anna nytt, relevant prosjekt frå 2015 er ISRAE (omtala seinare).

Handlingsplan for fou 2015-2020 har som tiltak å peike ut 1-2 strategiske satsingsområde for å sterkare profilere den faglege aktiviteten ved HiSF utad, og som grunnlag for å greie ut ei mogleg PhD-utdanning ved HiSF innan 2018. Det har i 2015 vore arrangert eit ope innspelsmøte møte for alle tilsette, og drøftingar i leiargruppa. Saka vil bli vidare drøfta i leiargruppa ved HiSF og leggst fram for styret for vedtak i 2016.

Det er eit mål å tilby framifrå forskingsbasert utdanning ved HiSF. Studentar har i 2015 vore aktive deltakarar i forskingsprosjekt, og har og vore med som medforfattarar i poenggejvande tidskriftsartiklar. Ein egen Handlingsplan for utdanning blei vedteke av styret i 2015, og i samband med denne vil det arbeidast vidare med tiltak for å styrke studentinvolveringa i forskingsarbeid, både gjennom datainnsamling og artikkelskriving. HiSF legg særleg vekt på forskning som byggjer opp om utdanningane. Fagmiljøa treng forskingsbasert styrking for å kunne drive og utvikle utdanningane i tråd med nasjonale standardar. Auka kompetanse er avgjerande for å ta del i kunnskapsbygginga i praksisfeltet, og for å vere ein truverdig samarbeidspart i dei stadig viktigare nasjonale-, regionale- og internasjonale kunnskapsnettverka innanfor utdanning og forskings- og utviklingsarbeid. Det blir og arbeid med å utvikle utdanningsinsentiv knytt til større forskingsprosjekt gjennom å etablere tilhøyrande emne på bachelor- eller masternivå. I studiane skal perspektiv, metodikk og forskingsstatus frå prosjektet formidlast i undervisninga, og slik blir undervisninga meir forskingsbasert, studentane møter oppdaterte forskingsresultat, og forskarane får formidla og diskutert perspektiv og arbeid undervegs i prosjektet. Gjennom 2015 har Avdeling for Naturfag arbeida for å få akkreditert eit masterprogram i Climate change management som er nært knytta til forskinga på avdelinga, og dette studiet blei akkreditert i 2016.

Studentane si deltaking i forskingsprosjekt skal og styrkast gjennom koordinering av innsats i avdelingsovergripande forum for masterutdanningar og folkehelse. Ved masterstudia i Idrett og Samhandling, og ved avdeling for Naturfag, er egne forskingsseminar som knyter studentane sine masterprosjekt mot pågåande prosjekt i høgskulen eller samarbeidande aktørar.

## 1.7 Verksemdsmål

HiSF skal utvikle sterke fou-miljø og forskingsgrupper som får tilslag på ekstern finansiering og som har gode internasjonale relasjonar

### 1.7.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing
	2012	2013	2014	2015	2015
Tal egne NFR/RFF søknader	7	9	10	16	12
Tilslag egne søknader NFR/RFF (%)	28,6	33,3	30,0	25	25
Tal samarbeidssøknader NFR/RFF	2	5	3	8	5
Tilslag samarbeidssøknader NFR/RFF (%)	100	16,7	0	25	25
Midlar frå NFR (1000 kr)	4 838	10 004	9727	11423	15000
NFR-tildeling per UFF-stilling (kr)	24,9	48,0	45,4	51,6	69,1
Tal eksternfinansierte stipendiatar	3,5	6,5	8,5	8,5	10
Del artiklar med int. samforfattarar (%)	32,3	27,9	-	23,3	35
Horisont 2020 (1000 kr)	255	571	91	1079	500
Horisont 2020 per UFF-stilling (kr)	1,3	2,7	0,4	4,9	2,3

### 1.7.2 Analyse

Høgskulen har som målsetting å ha sterke forskingsgrupper med høgt tilslag av ekstern finansiering frå NFR, og vesentleg aktivitet mot EU i 2020. Horisont 2020-prosjektet "MOVE – Mapping mobility – pathways, institutions and structural effects of youth mobility in Europe", med høgskulen som partner, blei starta opp i 2015. Prosjektet ser på moglegheiter for å betre forholda for, og redusere dei negative effektane av, mobilitet av unge menneske i Europa, og er eit strategisk viktig prosjekt både for Høgskulen og for fagmiljøet innan ungdomssosiologi. Prosjektet er særleg viktig i samband med å knytte internasjonale kontaktar, og auke forskarutvekslinga.

Høgskulen arbeider aktivt mot relevante utlysingar i NFR, og fleire fagmiljø søker midlar for å finansiere forskingsaktivitet, publikasjonar, stipendiatar og forskaropphald. Dette er og med på å bygge opp gode relasjonar med andre nasjonale partnerar som det er naturleg å knytte til seg i slikt søknadsarbeid. Det er og tilsett ein egen prosjektrådgjevar innan økonomi som skal følgje opp større forskingsprosjekt. Ei stilling som skal rådgje i søknadsprosessar mot EU og Horisont 2020 i samarbeid med Vestlandsforskning og Fylkeskommunen er under tilsetting, og det er venta at ei slik administrativ støtte vil bidra til auka aktivitet på dette området.

Inntil 2015 har forskingsrådsprogrammet Strategiske høgskuleprosjekt vore det programmet kor HiSF har lukkast best, og det er derfor ei utfordring at dette programmet nå er lagt ned. Forskarane må difor framover i større grad sjå på utlysingar innanfor andre program.

Sjølv om mye av prosjektaktiviteten skjer innanfor dei strategiske forskingsprogramma er det og mykje aktivitet som ikkje omfattas av desse. Eitt av prosjekta som fekk tilslag ved i 2015 (opstart 2016) var eit prosjektet «Transforming Author Museums» (TRAUM) innanfor det anerkjente FRIPRO-programmet, som skal fremje nyskapande og dristig forskning med høg vitenskapleg kvalitet. Prosjektet er løyvd 9 millionar i støtte, og skal sjå på kvifor nokre forfattarar vert valde ut til forfattarmuseum, mens andre ikkje blir det, og om dette kun heng saman med den litterære kvaliteten i forfattarskapet. Gjennom prosjektet arbeider historiemiljøet ved høgskulen saman med litteraturvitarar, didaktikkarar, marknadsføringseksperter og turismeforskarar både nasjonalt og

internasjonalt. Prosjektet er ikkje bare strategisk viktig for prosjektgruppa og avdelinga, men syner også at det er mogleg å nå opp blant dei store ved ei målbevisst satsing. Vi fekk og tilslag på eit forprosjekt innanfor IKTPLUSS-programmet for å styrke samarbeide mellom teknologi- og helsefag mot nye velferdsteknologiløysingar.

## 1.8 Verksemdsmål

**Fou-arbeidet ved HiSF skal ta utgangspunkt i interesse og motivasjon hos fagtilsette, og arbeidet med fou skal vere inkluderande og motiverande og ha gode rammevilkår**

### 1.8.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing 2015
	2012	2013	2014	2015	
Tal tilsette i fou-stipend	-	7	8	12	10
Tal tilsette som publiserar	52	66	107	110	80
Del UFF-stillingar som publiserer (%)	26,8	31,7	50,0	50,0	37

### 1.8.2 Analyse

Høgskulen tildelte til saman 12 nye fou-stipend i 2015 til førstelektor- og professorkvalifisering, nykvalifiserte forskarar og som forskingstermin til etablerte forskarar, og styrka denne satsinga gjennom ekstra midlar løyvd til tiltaka i handlingsplanen for fou. Ein evaluering av stipendordninga blei gjennomført i 2015. Denne syner at stipendmottakarane i stor grad opplever tildelinga av stipenda som positivt for deira fou-kvardag, både med tanke på moglegheiter til å publisere og utvikle prosjekt. Likevel var det nokre forslag til betringar i stipendordninga som det blir arbeida vidare med å implementere, mellom anna eit formelt oppstartsmøte med betre planlegging av stipendperioden med tanke på å leggje til rette for fou-arbeidet på arbeidsplanen, moglegheiter for å ta obligatoriske kompetansekurs og mentorordning. Det er og ei utfordring for dei som skal kvalifiserast til professor at det er få stipendiatstillingar ved HiSF, og at det difor kan vere utfordrande å få rettleiingserfaring, særleg sidan høgskulen ikkje er doktorgradsgjevande som institusjon.

Andelen UFF stillingar som publiserer er stabil. Rammevilkåra er dei om lag dei same som tidlegare år, og noko av auken i publiseringar kan kome frå betre organisering av fou-verksemda og større merksemd på fou-aktiviteten ved HiSF. Publiseringa skjer i større grad i poenggejvande publiseringssjelder.

Høgskulen legg vekt på at erfarne forskarar rettleiar kolleager med mindre fou-erfaring. I søknadar om interne midlar vert rettleiing vektlagt i vurderinga for tilsette som manglar formalkompetanse og/eller forskingserfaring. Organisering av fou-aktiviteten i tematiske forskingsgrupper og forskingssirkklar har gjeve gode resultat, og doktorgradsstipendiatar og tilsette i førstelektorløp har i stor grad interne rettleiarar ved HiSF.

## Sektormål 2

### Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

HiSF skal vere ein open og engasjert institusjon som er synleg og set spor etter seg. Høgskulen skal formidle viktige forskingsresultat i media og på eigne nettsider, og bidra med faktakunnskap i samfunnsdebatten. Høgskulen skal stimulere til verdiskaping gjennom innovasjon, og vere ein viktig regional utviklingsaktør. Høgskulen skal framfor alt utvikle ny kunnskap saman med praksisfeltet som skal bidra til ei *endring av praksis* for brukarar, yrkesutøvarar og som eit viktig vedtaksgrunnlag for styresmakter.

#### 2.1 Verksemdsmål

HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv.

##### 2.1.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing	Snitt SH
	2012	2013	2014	2015	2015	2014
BOA utanom EU og NFR (1000 kr)	13501	20916	25301	28584	30000	33767
BOA utan EU/NFR per UFF-stilling	69,6	100,4	118,1	129,1	140	113,7
BOA som del driftsinntekter (%)	4,5	6,0	6,3	6,8	6,5	-
Bidragsfinansiert BOA (%)	52,0	71,6	72,3	40,1	70	63

##### Kvalitativ styringsparameter

- Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.

##### 2.1.2 Analyse

HiSF har hatt auka oppdragsmengde utanom EU og NFR dei siste åra, og høgskulen har lukkast bra med målsettinga om å auke denne aktiviteten. Høgskulen skal vere ein viktig partner for samfunns- og næringsliv gjennom å tilby relevante utdanningar, innovative fou-prosjekt med relevans for samfunnet, og faktabasert kunnskap til samfunnsdebatten. Høgskulen har eit etablert og godt samarbeid med viktige delar av regional offentleg forvaltning gjennom Fylkeskommunen, Fylkesmannen, Innovasjon Norge, kommunar, NAV og Helse Førde, og eit strategisk viktig samarbeid med energibransjen som har gjeve opphav i eit eige forskingsprogram og utdanning innan Fornybar energi, og ei ingeniørutdanning innan Energi, elkraft og miljø. Det er og eit felles forskingsprogram innan Innovasjon og verdiskaping i reiselivet saman med Vestlandsforskning der reiselivsaktørar, Fylkeskommunen og Innovasjon Norge er bidragsytarar. Rådet for samarbeid med arbeidslivet (RSA) er ein viktig arena i arbeidet med å styrke samarbeidet med regionalt og nasjonalt arbeidsliv. RSA blir brukt aktivt for å få innspel frå samfunns- og arbeidsliv om viktige kompetansebehov, strategiske satsingar og utfordringar som regionen vil utfordre høgskulen til å møte.

Leiinga ved Høgskulen og Vestlandsforskning tok i 2015 initiativ til ei nærare analyse av samarbeidet mellom dei to institusjonane. Rapporten «Samarbeid mellom VF og Hisf, Status, utfordringar, mulegheiter», skreiv av Georg Arnestad ved HiSF, gjer eit oversyn over samarbeidet mellom dei to institusjonane. Her er det både ein analyse av kor omfattande samarbeidet er og kva institusjonane samarbeidar om. Høgskulen har etablerte prosjektsamarbeid med Vestlandsforskning innanfor IKT,



fornybar energi og helse, og reiseliv. Samarbeidet med Vestlandsforskning har vore avgjørande i arbeidet med å utvikle masterprogrammet i «Climate change management» som blei akkreditert i februar 2016. For å auke samarbeidet må det sjåast nærmare på korleis det kan leggjast til rette for meir og betre samarbeid, og korleis institusjonelle rammer, samarbeids- og institusjonsavtalar kan utviklast vidare.

To nye studium med stor aktualitet for lokalt arbeidsliv er i 2015 vedteke etablert ved Høgskulen. Høgskulen har i tett samarbeid med byggebransjen og Høgskulen i Bergen etablert eit nytt byggingeniørstudium i Førde. Arbeidet med å styrke ingeniør- og teknologiutdanningane ved HiSF gjennom eitt nytt byggingeniørstudium er forankra i RSA, og har ei arbeidsgruppe satt saman av medlemmer av dette rådet. Gjennom midlar tildelt frå Innovasjon Norge har IT-forum Sogn og Fjordane tatt initiativ til eit IT-studium i regi av høgskulen for å dekke regionale kompetansebehov i offentleg og privat sektor.

Høgskulen har og eit etablert forskingssamarbeid ved ingeniørutdanninga med Polen gjennom EØS-midlar tildelt via NFR i prosjektet MEDUSA, og samarbeid gjennom utveksling av studentar og doktorgradsstipendiatar. 2015 blei konferansen Computer systems in Medicine and Health (CSMH) arrangert i Førde med støtte frå dette prosjektet. Målet med konferansen var å skape ei felles arena for forskarar og brukarar innan ingeniør, medisin og helse med mål om å etablere ein platform for utveksling av kunnskap om den seinaste utviklinga rundt IT-system i helsetenesta, og å identifisere potensielle nye område innan medisin og helse kor ny IT-teknologi kan takast i bruk.

Barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen var i 2015 redaktørar for fagboka «Faglighet i barnehagen» som kan brukast i barnehagelærerutdanninga. 10 faglærarar ved barnehagelærerutdanninga på HiSF har bidrege med artiklar i boka, som på ein framifrå måte formidlar nokre av forskingsprosjekta i barnehagelærerutdanninga.

Høgskulen tilbyr fleksibel utdanning til regionen gjennom etter- og vidareutdanningar, og spesielt innan helsefag og lærarutdanninga. Høgskulen tilbyr og desentralisert undervisning gjennom samlingar og nettbaserte forelesingar, og særskilt innan lærarutdanninga. Saman med Norsk lærarakademi har HiSF i 2015 etablert ei ny deltids lærarutdanning på Gardermoen. Høgskulen organiserer i tillegg fleksible og tilrettelagte studietilbod til bedrifter, kommunar og andre aktørar gjennom oppdragseininga HiSF Oppdrag. Bruken av nettbaserte undervisningsmetodar er aukande.

#### **Kvalitativ styringsparameter:**

- **Forskingsinnsats i MNT-fag og profesjonsfag**

Høgskulen sin forskingsinnsats er i stor grad retta inn mot profesjonsfag, profesjonsretta utdanningar og MNT-fag slik som utdanningsportefølgja ved HiSF er satt saman med stor vekt på lærarutdanning, helsefagsutdanning og sosialfag, og eit framfrå fagmiljø innan geologi og geofare.

Det er eit etablert strategisk forskingsprogram i læringsforskning for å styrke forskning relevant for lærarutdanninga ved HiSF, og har dei sist åra vore gjort eit målretta arbeid for å auke delen kunnskap vi publiserer i fagfelleverderte kanalar herfrå. Helsefagsutdanninga har saman med Helse Førde eit eige strategisk forskingssenter for Helseforskning som har gjeve eit veldig løft til forskingsaktiviteten i begge organisasjonar, og der kommunane no skal inkludrast. Det vart i 2015 og gjeve strategiske utviklingsmidlar for å styrke forskingsinnsatsen innanfor sosialfaga, og særleg arbeidet med forskings sirklar og eit tett samarbeid med praksisfeltet er venta å gje resultat her. Det er og tilsett ein stipendiat innan dette området.

Det har og vore søkt midlar innan ingeniørfaga mot Forskningsrådet, og ein har fått tilslag på 1 million kroner til eit forprosjekt innan IKTPLUSS i NFR for å sjå på korleis ein kan rehabilitere slagpasientar

ved å bruke robotar. Dette prosjektet har samarbeidspartar både mot sterke helseinstitusjonar (Sunnaas HF) og sterke teknologiforskningsinstitusjonar (NTNU og SINTEF) nasjonalt. HiSF er og med på ei satsing mot velferdsteknologi som blir driven av IT-forum i Sogn og Fjordane.

Dei tidlegere omtala byggingeniør- og IT-studia som er vedteke oppretta ligg innanfor MNT- faga. I tillegg vil det nyleg akkrediterte masterstudiet i Climate change management vere særleg viktig for å styrke MNT-faga og forskingsinnsatsen vidare. Dette er eit område der forskingsinnsatsen i form av stipendiatstillingar, eksternfinansierte forskingsprosjekt og resultat i form av publikasjonar har vore særleg høg ved HiSF, og der ein har lukkast med å bruke det geografiske fortrinnet med natur og isbrear tett på som ei styrke i forskingssatsingane.

## 2.2 Verksemdsmål

**HiSF skal formidle resultatata frå fou-aktiviteten til samfunnet, og auke bruken av «open access» publisering**

### 2.2.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing 2015	Snitt UH 2014
	2012	2013	2014	2015		
Tal fou-resultat i CRISStin	477	509	450	613	500	-
Tal publikasjonar Open Access	17	24	25	26	25	-
Periodikaartiklar (%)	78,1	59,8	52,1	66,5	60	57,5
Antologiartiklar (%)	16,6	40,2	39,1	29,7	35	40,2
Monografiar (%)	5,3	0	8,8	3,8	5	2,3
(Pop.)vitskapelege publ./posters	226	269	160	199	280	-

### 2.2.2 Analyse

Talet fou-resultat dei siste åra har vore stigande dei siste åra. Gjennom eit open-access fond har tilsette moglegheit til å få støtte til OA-publisering, og det har vore ei god utvikling dei siste åra med auka publisering som er tilgjengeleg for alle. Det her vore vektlagt å styrke OA-publisering i tidsskrift, og ikkje å bygge opp eit eige parallelt institusjonelt arkiv. Publikasjonsprofilen har endra seg noko dei siste åra frå å ha vore veldig tung på vitskapelege artiklar i periodika til å dreie meir mot publisering i antologiar. Dette har vore ei ynskja utvikling for å publisere meir av det utviklingsretta fou-arbeidet ved HiSF, og der fleire fagmiljø har gått saman i forskingsgrupper for å skipe til antologiar i samarbeid med eksterne fagmiljø.

Det er eit aukande tal registreringar av fou-resultat i CRISStin, og det har dei siste åra vore ei auke i vitskapelege og populærvitskapelege presentasjonar, og eit auka fokus på arrangement rundt Forskingsdagane. I 2015 var det fleire arrangement på begge studiestadene Førde og Sogndal, og det var fleire arrangement også utanfor campusane.

Høgskulen lanserte nye nettsider i 2014, og det arbeidast vidare med å utvikle forskningssidene på nett. Det har og vore formidla relevante fou-resultat i media gjennom målretta arbeid med tipsing og tilrettelegging av informasjon som har resultert i mange oppslag i regionale og nasjonale meida. Særleg har det vore stor merksemd rundt resultatata frå prosjektet Lærande regionar som blei avslutta i 2015. Forskinga vert også mellom anna formidla via nettavisa Forsking.no. Særs gledeleg var det at

artikkelen «Denne mosetusten fortel om ei katastrofe i steinaldersamfunnet». Høgskulen har og i 2015 hatt eit samarbeidsprosjekt om formidling av forskingsnyhende saman med Vestlandsforskning og Fylkeskommunen, og dette arbeidet vil halde fram utan vidare eksternfinansiering. Ei av målsettingane for det nye fou-seminaret ved Høgskulen har vore å stimulere til meir engasjement i samfunnsdebatten ved å mellom anna setje fokus på meir bruk av sosiale medier i forskingsformidlinga. Dette er eit område vi ynskjer å halde fram å stimulere til for å nå ut til fleire i samfunnet gjennom fleire ulike kanalar.

## 2.3 Verksemdsmål:

**HiSF skal aktivt bidra til innovasjon og verdiskaping i privat og offentleg sektor**

### 2.3.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing 2015	Snitt SH 2014
	2012	2013	2014	2015		
Tal partnerskap i innovasjon/verdiskaping	1	1	1	1	2	-
Tal bedriftsetableringar	0	0	0	0	1	0,3
Tal mottekne forretningsidear	0	0	5	3	5	5,3
Tal lisensieringskontraktar	0	0	0	0	0	0
Tal patentsøknader	0	0	0	0	1	0

#### Kvalitativ styringsparameter:

- **HiSF skal bidra til regional nyskaping og innovasjon.**

### 2.3.2 Analyse

Høgskulen deltek i Næringsforum-prosjektet i regi av Fylkeskommunen, og i prosjektet Stat- Næring i regi av Fylkesmannen, og er ein aktiv samarbeidspartnar i regionen. Utdanningane ved høgskulen er i stor grad er retta mot offentleg sektor, og difor er det ei ambisiøs målsetting å skape mange nye næringsbedrifter ut i frå fou-aktiviteten ved høgskulen. Det vil vere ein ambisjon framover for høgskulen å betre kommersialiseringsarbeidet fram til bedriftsetableringar.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har som oppgåve å drive forskning, undervisning og formidling til gagn for samfunnet, og skal sikre samfunnet fri og open tilgang til høgskulen sine resultat. Som ein del av samfunnsansvaret skal høgskulen bidra aktivt til innovasjon og nyskaping slik at samfunnet kan nyttiggjere seg resultatane av høgskulen sin verksemd, inkludert næringsmessig og kommersiell utnytting av forskingsresultat. HiSF har samarbeid med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane som innovasjonsaktør for studentar og tilsette, og det er i 2015 og registrert nye forretningsidear som blir vurderte for opptak i deira inkubator. Det har ikkje vore bedriftsetableringar, patentsøknader, lisensieringskontraktar eller nye formelle partnerskap innanfor innovasjon og verdiskaping i 2015. For å sikre interessene til tilsette (og studentar), og auke bevisstheita rundt kommersialisering, er det utarbeidd eit framlegg til eit reglement som klargjør tilsette sine rettar til eigne forskings- og arbeidsresultat («Reglement for handsaming av tilsette sine rettar til eigne forskings- og arbeidsresultat»). Reglementet er på høyring i institusjonen og skal handsamast av styret våren 2016.

## 2.4 Verksemdsmål:

### HiSF skal utvikle ny kunnskap som bidrar til endring av praksis

#### 2.4.1 Kvalitativ styringsparameter: Ny kunnskap som bidrar til endring av praksis

Høgskulen har eit tett samarbeid med offentlege forvaltningsaktørar og regionale styresmakter innanfor profesjonsfeltet ved høgskulen, og høgskulen har eit svært godt renommé for å utvikle forskingsbasert kunnskap som er relevant for praksisfeltet. Særleg har arbeidet i dei store forskingsrådsfinansierte prosjekta Lærande regionar og ASK – Active Smarter Kids samarbeida tett med skulesektoren og utdanningssektoren i Sogn og Fjordane. I 2015 starta også The Sogn og Fjordane Preschool Physical Activity Study (PRESPAS) har som hovudmål å skaffe kunnskap om fysisk aktivitet og fysisk aktiv leik hjå barnehagebarn i Sogn og Fjordane. Prosjektet søker aktivt eksterne midlar og fekk i 2015 støtte frå Fylkeskommunen. Eit viktig resultatmål i prosjektet er korleis barnehagen kan utviklast for å fremme fysisk aktivitet for alle barnehagebarn. Datainnsamlinga er i gang og omfattar ei kartlegging av fysisk aktivitetsnivå med ein aktivitetsmålar (ein avansert skritteltjar), samt måling av høgd, vekt og vurdering av barna si motoriske utvikling, eit kort spørjeskjema til foreldre/føresette og ei kartlegging av barnehagekarakteristika.

Senter for helseforskning er ein brubyggjar mellom aktuelle forskingsmiljø i alle deler av HiSF og Helse Førde, og lettar tilgangen til samarbeidsinstitusjonane sin kompetanse og nettverk. Senteret frontar kompetanseheving innan feltet, gjev informasjon og rettleiing om finansieringsmoglegheiter og vidareutviklar nettverk mot forskingsfinansierande organ og andre forskingsnettverk. Som eksempel har forskinga rundt ulike behandlingmetodar og helsetenestene til sjukeleg overvekt og skapt ny kunnskap som har bidrege til ei endring av praksis.

I 2015 fekk HiSF, saman med Sogndal kommune, tilsagn om støtte til prosjektet «Selvstendige, selvhjulpne og aktive eldre – hverdagsrehabilitering for eldre» (ISRAE) gjennom det Regionale forskingsfondet (RFF). Prosjektet startar opp i 2016 og skal undersøke effekten av trening hos eldre som har søkt eller mottok pleie- og omsorgstenester i eigen bolig. Dette er eldre som står langt framme i køen for en institusjonsplass og ideen er at målretta tiltak mot desse kan gi en stor individ- og samfunnsgevinst ved å forlenge sjølvstendigheiten og sjølvhjulpenheiten. Resultata kan nyttast til å effektivisere og betre kvaliteten i pleie- og omsorgstenesta, implementere styrketrening i kvardagsrehabiliteringa samt føre til at færre eldre har mindre behov eller kan utsette behovet for tenestene i fleire år. Prosjektet søker aktivt støtte gjennom fleire eksterne finansieringskjelder og har potensiale til å bli eit omfattande prosjekt av stor nytte for praksisfeltet.

HiSF deltek og i forskingsprosjekt både innan reiseliv, og innan eit VRI3-prosjekt i innovasjon, som har som føremål å jobbe tett med praksisfeltet for å legge til rette for kunnskapsbaserte endringar. Nokre fagmiljø har og etablert forskningssirklar med deltaking frå praksis, utdanning og forskning innanfor velferdsprofesjonane for å få innsikt i korleis kunnskap blir brukt og modifisert i møte med praksis, og samstundes komme tett på korleis erfaringsbasert kunnskap blir brukt og modifisert i utdanning og forskingsformidling.

## God tilgang til utdanning

### 3.1 Verksemdsmål

Høgskulen skal ha eit breitt tilbod av praksisnære bachelorutdanningar med relevans for samfunns- og næringsliv og relevante tilbod om mastergrader og vidareutdanningar på dei sentrale utdanningsområda

#### 3.1.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjonsnivå 2015	Gjennomsnitt nasjonalt 2015
	2012	2013	2014	2015		
Del bachelorstudentar (%)	64	70	70	71,7	70	72,1
Del masterstudentar (%)	7	7	7	8,8	8	9,7
Bachelorprogram	20	21	21	21	21	-
Akkrediterte masterprogram	4	4	4	4	5	-
Masterprogram med ekstern akkreditering	2	2	2	1	1	-
Studium i samarbeid med UH-nett-Vest institusjonar	4	3	4	4	4	-
Skåre på studiebarometeret.no på spørsmål om studiet har god praksisopplæring*		4	4,1	-	4,2	-
Skåre på studiebarometeret.no på samla vurdering av eige læringsutbytte i studiet		3,7	3,8	3,8	3,9	3,7

\*I 2015 har vi ikkje svar på institusjonsnivå på dette spørsmålet, berre på studieprogramnivå.

#### 3.1.2 Analyse

Slik fordelinga av studentane viser, er hovudtyngda av studietilboda våre på bachelornivå. I tillegg har vi eit breitt tilbod om vidareutdanningar, og tilbyr masterutdanningar på dei store utdanningsområda våre. Høgskulen har fire akkrediterte masterutdanningar: master i organisasjon og leiing, master i samhandling innan helse- og sosialtenester, master i læring og undervising og master i landskapsplanlegging. I tillegg tilbyr vi master i idrettsvitskap i samarbeid med Norges Idrettshøgskule. I 2015 vart ikkje masterprogrammet i landskapsplanlegging lyst ut.

Vi hadde ei målsetting om å få akkreditert ein ny masterutdanningar i 2015, master i spesialpedagogikk. Det oppnådde vi ikkje i 2015, og målet er å få denne godkjent i løpet av 2016. I skrivande stund har vi fått tilsagn om akkreditering på ny master i Climate Change Management, og har sendt søknad om eigen akkreditering på masteprogrammet i idrettsvitskap.

Vi arbeider kontinuerleg med å sikre at utdanningane våre er relevante for praksisfeltet, og har mange ulike møtepunkt. Vi arrangerer felles tverrfaglege temadagar for både høgskulen og praksisfeltet. Tilbod om vidareutdanning innan skule og helse blir utvikla i nært samarbeid med kommunane i fylket, og organisering og innhald er basert på deira behov. Studieplanane for nokre vidareutdanningar er revidert med sikte på å kunne innpassast i masterutdanningar etter individuell søknad. Høgskulen kvalitetssikrar dette arbeidet ved bruk av eksterne fagfeller.

Studentane ved HiSF sin samla vurdering av eige læringsutbytte i studiet ligg godt over landsgjennomsnittet, og vi arbeider kontinuerleg for å utvikle læringsutbytte i utdanningane i takt med behova i samfunnet. Det er studienemnder knytt til bachelor- og masterstudia med eksterne representantar frå relevant arbeids- og næringsliv. Studienemdene er rådgjevande organ for instituttleiar og programansvarleg, og arbeider med utvikling av studiekvalitet og læringsutbytta.

Høgskulen arbeider med å synleggjere forskning og forskingsresultat i undervisninga, og det er forventa at dei fagtilsette formidlar både eiga og andre sin forskning innanfor dei ulike fagområda. I strategiplanen for utdanning er det også ei målsetting om at studentar skal involverast i relevante forskingsprosjekt, særskilt i samband med skriving av bachelor- og masteroppgåver. I 2015 vart det sett i gang eit arbeid med å utvikle retningslinjer for bruk av studentarbeid i forskning.

Høgskulen held fram samarbeidet med dei andre UH- vest institusjonane, og innan lærarutdanninga har vi fellesgrader i samarbeid med Høgskulen i Volda, Høgskulen i Bergen og NLA. Høgskulen har i 2015 arbeidd mykje med å førebu overgang til femårig master i lærarutdanning, og styrking av fagmiljøet knytt til dei sentrale faga i den nye lærarutdanninga.

### 3.2 Verksamds mål

**Høgskulen skal leggje til rette for at utdanningstilboda våre er tilgjengelege for flest moglege**

#### 3.2.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing 2015	Snitt SH 2015
	2012	2013	2014	2015		
Tal fleksible studietilbod			31	25	32	-
Tal studentar på fleksible tilbod			1142	471	1150	-
Del kvinnelege studentar (%)	69	68	69	67,6	67	64,4

#### 3.2.2 Analyse

Tabellen viser tal studentar på studium som er organisert på deltid, dels nettbasert og/eller geografisk lokalisert andre stader enn studiestaden. Ut frå definisjonen i DBH har vi heller ikkje rekna med studentar som vert omfatta av en samarbeidsavtale med andre institusjonar innan høggre utdanning. Dette gir eit snevrare utval enn det som vart rapportert i 2014.

Høgskulen har ei omfattande satsing på fleksible tilbod innan lærarutdanningane. Desse er lagt opp som deltidsutdanningar med samlingar lokalt eller på ein av studiestadane i kombinasjon med nettbasert undervisning. Mellom anna etablerte høgskulen GLU 1-7 deltid med samlingar lagt til Gardermoen.

Same studiemodell vert nytta for mange vidareutdanningar for lærarar. I 2015 tilbød høgskulen fleire nye studium innan Kompetanse for kvalitet som dels- eller heilt nettbaserte.

Prosjektet digital kompetanse vart vidareført dette året. Høgskulen gjennomførte fleire opplæringstiltak innan digital kompetanse for fagtilsette; Digital kompetanse i høgare utdanning 5 sp, nettundervisnings-seminar (nettpedagogikk – Adobe Connect), og fortløpande opplæring for nye nettlærarar. Dette er med å sikre kvaliteten på undervisinga på dei nettbaserte studia våre.

Gjennom digital kompetanse -prosjektet vart det også lyst ut midlar til utviklingstiltak innan pedagogisk bruk av IKT. Desse midlane kan brukast til frikjøp av tilsette, programvare, teknisk hjelp, med meir. I 2015 vart midlane nytta til utvikling av digitale eksamensformer og e-læringsprogram.



## Sektormål 4

---

### Universitet og høgskular skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla

#### 4.1 Verksemdsmål

Høgskulen skal ha høg kvalitet i økonomiforvaltninga

##### 4.1.1 Styringsparametrar

Kvantitative styringsparametrar (KD)	Resultat (tal i 1000)			Ambisjon 2015
	2013	2014	2015	
Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	2,2	2,1	2,2	2
Endring avsetningar (tilgang/avgang i avsetningar)	-1 046	7468	15461	-10 000

##### Kvalitativ styringsparameter:

- Høgskulen skal ha langsiktig økonomisk planlegging, god økonomistyring og god kontroll på utgiftene
- God gjennomføring av budsjettet innanfor eit avvik på 1-2 % av tildelt ramme ved einingane
- Ingen merknader frå Riksrevisjonen

##### 4.1.2 Analyse

Likviditetsgraden til høgskulen er god. Vi låg i 2015 noko høgare enn måлтаlet.

Langsiktige økonomiske prognosar skal støtte opp under institusjonen sine mål og strategiar. Langtidsprognosane skal vise trendar og gje ei vurdering av nivået på avsetningane sett i samanheng med institusjonen sine mål og strategiar. Resultata til høgskulen ligg noko over det vi budsjetterte for 2015.

I høve til budsjettert kostnadsramme syner den ordinære drifta for 2015 eit mindreforbruk på kr 17 mill. Dette utgjer 4 % av budsjett og ligg noko høgare enn styringsparameteret (avvika er kommentert i leiarkommentar). Når ein tek med mindreforbruk for 2014 på 6,6 mill., er det samla mindreforbruket i 2015 10,4 mill.

Likviditetsgraden var noko høgare 2,2 og vi har auka avsetningane i 2015 noko som skuldast mindreforbruket i høve budsjett.

Det har vore permisjonar i økonomiteamet i 2015 også, men vi har no fått bemanna i vakante stillingar og fått tilsett i nyoppretta stilling som prosjektrådgjevar på teamet. Vi har fokus på høg kvalitet og gode prosedyrar innanfor rekneskapsområdet.

Vi har gjennom året arbeidd med økonomisk styring, gjennom både å samordne økonomistyringa på dei ulike avdelingane og ha gode rutinar og oppfølging knytt til bidrags- og oppdragsprosjekta. Fokus i 2015 har vore større eksternfinansierte prosjekt i tillegg til rådgjeving til avdelingar ved søknader om eksterne midlar. Dette inneber blant anna betre budsjettering, kvalitetssikring av søknadar og arbeid med kontraktar. Det har og vore nytta mykje ressursar for og koordinere og planlegge tredje byggesteget ved ombygging av Gymnasbygget.



Høgskulen har lite økonomisk slakk for å kunne handtere endringar i driftsnivået og studiepoengproduksjonen. Det er difor viktig å utvikle gode informasjonsrutinar som sikrar at endringar som påverkar styringsparametrane blir fanga opp tidleg slik at det er mulig å gjere tilpassingar. Vi har og fokus på og yte god opplæring og service til leiarane med budsjettansvar. Vi budsjetterer detaljert og det gir resultat i form av god økonomistyring, men vi treng og at alle avdelingane får samordna og forbetre støttesystema i aktivitetsplanlegginga.

Gjennomgangen av rekneskapen for 2015 viser at høgskulen sin økonomi er god, men vi har små marginar og må halde fram og følgje opp kritiske budsjettpostar. Vi har i fleire år jobba med budsjettmodellen ved HiSF og den intern ressursfordelingsmodellen. Vi vil halde fram med dette og i tillegg har vi fokus på langsiktige økonomiske prognosar.

For å ha god styring og kontroll må vi ha fokus på internkontroll. Vi må ha rutinar med tydelig ansvar og myndighet, sikre at gjeldande rutinar blir følgt og overhalde lover og regler.

Det var ikkje vesentlege merknader frå Riksrevisjonen.

## **4.2 Verksemdsmål**

**HiSF skal vere ein attraktiv og lærande organisasjon prega av kvalitetsutvikling og omstillingsevne**

### **4.2.1 Analyse**

Høgskulen i Sogn og Fjordane sin visjon er Sikt høgare. Det har vore arbeidd med å styrke utdanningskvaliteten og forskingskvaliteten i 2015. Det er utarbeidd strategi- og handlingsplan for utdanning og strategi- og handlingsplan for fou som har ambisiøse mål og tiltak.

Strategi- og handlingsplan for utdanning har tiltak som skal sikre forskingsbasert utdanning, leggje til rette for å utvikle den gode undervisaren, utdanningar som er relevante for samfunns- og arbeidsliv, digital studiekvardag og auka internasjonalisering.

Det vert arbeidd aktivt med å forbetre studiekvaliteten. Det er oppretta bachelorforum, masterforum og praksisforum som er arenaer på tvers av organisasjonen for erfaringsutveksling og deling av kunnskap på programnivå for å gjere utdanningane betre.

Strategi og handlingsplan for fou har som mål auke publiseringa, auke førstekompetansen i høgskulen, auke ekstern finansierte prosjekt gjennom NFR og EU, ha framifrå forskingsbasert undervising, drive målretta kompetansebygging, styrka internasjonalisering og mobilitet. Vi har ein fin auke på mange av fou-parametra i 2015

Høgskulen har eit omfattande samarbeid med samfunns- og næringsliv noko som viser igjen både i forskingsprosjekt og utviklingsarbeid. I 2015 er det vedteke å etablere to nye studium etter ønskje frå regionen; byggingeniørstudium i Førde og eit IT-studium i regi av høgskulen.

Statsråden sine sju punkt for kvalitet i høgare utdanning og SAKS-prosessar har sett i gang i prosessar i store delar av uh-sektoren, også ved HiSF. Styret sitt standpunkt har vore at HiSF skal vere ein sjølvstendig høgskule med eit forpliktande samarbeid og arbeidsdeling med andre institusjonar. Hausten 2015 vart det sett i gang eit felles utgreiingsprosjekt med Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord Haugesund med sikte på å etablere ein felles institusjon på Vestlandet. Dette vert det arbeidd vidare med i 2016.

Organisasjonane har vore delaktige i prosessane i alle fasar. Hausten 2015 vart det gjort eit kartlegging blant alle tilsette om kva ein meinte i struktursaka og elles korleis arbeidsmiljøet ved HiSF vart opplevd.

### 4.3. Verksemdsmål

HiSF skal rekruttere og drive målretta kompetansebygging som sikrar eit høgt kompetansenivå, god kvalitet og profesjonalitet i alle delar av verksemda. Gjennom ein aktiv personalpolitikk skal vi styrke eit helsefremjande arbeidsmiljø, likeverd og likestilling

#### 4.3.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjonsnivå 2015	Gj.snitt statlege høgskular 2014
	2012	2013	2014	2015		
Solide fagmiljø	Kvalitativ vurdering					
Prosentdel førstestillingar	36,4	37,8	38,5	42,7	40	48,5
Del kvinner i dosent- og professorstillingar	28,5	28,5	32	37	35	-
Del kvinner i stipendiatstillingar	55,3	75,5	81	65	-	-
Del kvinner i førstestillingar	27,5	37,8	35,2	39,3	40	45
Forholdstal faglege og adm. Årsverk	2,6	2,6	2,6	2,5	2,3	2,1
Del mellombelse stillingar ekskl. åremål og stipendiatar	16,3	17,7	18	12,3	13	13,5
Sjukefråvær i %	5,9	4,7	4,3	3,6	4,2	-

#### 4.3.2. Analyse

Vi vil at HiSF skal vere ein attraktiv arbeidsplass for personar med høg kompetanse, både i fagleg og administrative stillingar.

Dei siste åra har det vore arbeidd svært aktivt for å auke førstekompetansen, mellom anna gjennom strategiske forskingsprogram. Vi har samla nytta 14 mill kr på fou-stipend over tre år som vert nytta til kompetansehevingstiltak og til å gje erfarne forskarar samanhengande fou-tid. Det vart tildelt til saman 12 nye fou-stipend i 2015 til førstelektor- og professorkvalifisering.

Kompetansenivået varierer mellom fagområda og på nokre område har vi for lav del tilsette med førstekompetanse. Vi arbeider aktivt med rekruttering og kompetanseheving av eigne tilsette. I 2015 er det arbeidd med å etablere eit kompetanseprogram som eit målretta tilbod til tilsette utan førstekompetanse. Om lag 30 vitskapleg tilsette har meldt interesse for tilbodet. Det vert arbeidd med å utvikle dette breiare, poenggejvande kompetanseprogram som og kan inkludere fleire grupper.

#### Solide fagmiljø

Med solide fagmiljø meiner vi fagmiljø som er i stand til å bevare fagkompetansen innanfor utdanning, forskning og formidling over tid, som utviklar utdanningane i kontakt med arbeidslivet, som har faglege nettverk nasjonalt og internasjonalt, som har forskning som byggjer opp under utdanningane, og som har evne til å skaffe eksterne forskingsmidlar.

Robuste fagmiljø kan kjenneteiknast både gjennom kvantitative mål, som prosentdel førstekompetanse og professor-/dosentkompetanse og gjennom kvalitative mål om god kvalitet i undervising og forskning og attraktivitet.

HiSF har stor gjennomføringsevne og får svært god score på Studiebarometeret, noko som dokumenterer god studiekvalitet på studia. Høgskulen tilbyr kurs i høgskulepedagogiske tiltak for dei som ikkje har tilstrekkeleg pedagogisk kompetanse, og aukar innsatsen på dette i 2016.

Vi scorar høvesvis dårlegare på forskingsparameterna, og ligg her i den nedre halvdel av skalaen blant høgskulane. Dette vert det arbeidd svært aktivt med, mellom anna gjennom tiltaka i handlingsplanen for fou.

### *Prosentdel førstestillingar*

Målsettinga for prosentdel førstestillingar vart sett til 40% i 2015, etter svak vekst frå 37,8% i 2013 til 38,5% i 2014 grunna låg rekruttering av tilsette med førstestillingar samstundes med at tilsette med førstestillingar gjekk av med pensjon, har vi i 2015 sett ein betre vekst, og ligg no på 42,7% i 2015. To personar fekk opprykk til dosent, ein fekk opprykk til professor, to til førstelektor og sju personar fekk opprykk til førsteamanusensis.

Framleis ligg vi under gjennomsnittet ved statlege høgskular, men vi er på veg til å nå målet frå vår strategiske plan om 50% førstestillingar i 2018.

### *Tal kvinner i dosent og professorstillingar*

Tal kvinner i dosent- og professorstillingar utgjer i 2015 37%, som viser ein fin auke frå 32% i 2014. Utviklinga dei siste åra viser at dette talet har auka jamt. Målsettinga for 2015 visar at vi ynskja å oppnå 35%, dette har vi innfridd. HiSF har som mål å auke tal kvinner i dei akademiske toppstillingane, jf. Handlingsplan for likeverd og likestilling. Å byggje professor- og dosent kompetanse er eit arbeid som tek tid og må jobbast med i eit langsiktig perspektiv. Vi har sett ei nedgang i del kvinner i stipendiatstillingar frå 81% til 65% men utviklinga er framleis god. Vi har hatt ei auke i tal stipendiatstillingar ved Høgskulen, og vi har auka del kvinner i førstestillingar.

### *Forholdstalet mellom faglege og administrative årsverk*

Forholdstalet mellom faglege og administrative årsverk har dei siste åra lege jamt på 2,6. Resultatet for 2015 viser at talet no har blitt redusert til 2,5. Målsettinga for 2015 på 2,3 nådde vi ikkje, i 2015 vart det oppretta tre nye administrative årsverk.

### *Mellombelse tilsette*

Høgskulen i Sogn og Fjordane har i ein periode hatt ein høgare prosentdel mellombelse tilsette enn kva som er gjennomsnittet ved dei statlege høgskulane. For å forbetre dette vart handlingsplan for reduksjon av mellombelse tilsettingar ved HiSF vedteke av styret i 2015. Denne planen inneber opparbeiding av god kunnskap om bruk av mellombelse tilsettingar, og styrka dokumentasjon i tilsettingssakene. Det er satt større krav til leiarane om å gjere grundigare vurderingar i retninga av stillingar kan lysast ut fast og eit større krav på auka datasikring på rapporteringar til DBH. Som eit resultat av dette ser vi ei positiv trend ved høgskulen. Tal mellombelse tilsette har vore nedgåande frå 18% i 2013 til 12,3% i 2014. Resultatet viser at vi gjekk forbi målsettinga på 13%.

Sjølv om vi i 2015 har fått ned talet på mellombelse tilsette, ser vi at det vkan bli vanskeleg å halde dette talet nede. Vi ser at det er spesielt to forhold som utfordrar målet om å redusere mellombelse stillingar i HiSF. Det eine er den offensive satsinga på kompetanseheving gjennom forskings- og kvalifiseringsstipend. Fast tilsette får stipend eller auka fou-tid nokre månader eller eitt år. Dette aukar bruken av vikariat. Det andre forholdet er rekrutteringssituasjonen spesielt innafor nokre fagmiljø, som helsefag. Situasjonen er framleis slik at særleg Avdeling for helsefag, må gjere bruk av mellombelse tilsettingar som høgskulelærer (UH-lova §6.5) fordi det ikkje melder seg tilstrekkeleg tal søkjarar som tilfredsstillir krava til høgskulelektor.

### *Inkluderande arbeidsliv- sjukefråvær*

Det samla sjukefråværet (eigenmeldt og legemeldt) i HiSF for 2015 var 3,6 %. Sjukefråværet i HiSF viser ein jamn nedgang i deis siste åra, og vi har ikkje hatt så lågt sjukefråvær sidan vi tok til med samla registrering av eigen- og legemeldt sjukefråvær i 2007.

Målsettinga for 2015 var å oppnå ytterlegare reduksjon i sjukefråværet, frå 4,3% i 2014 til 4,% i 2015, og dette oppnådde vi med fin margin.

Vi er nøgde med at sjukefråværet dei siste åra viser ein jamn nedgang. Vi har hatt tett oppfølging av sjukmelde, og ser at dette gir resultat. Sjukefråværet for kvinner er høgere enn for menn, og dette gjeld i alle stillingskategoriar. Høgast sjukefråvær er det blant kvinner i driftsstillingar. Bruken av gradert sjukmeldingar er godt nytta i organisasjonen. HiSF er IA-verksemd og har utarbeidd aktivitetsplan for IA-arbeidet. I vedlagt rapport oppfølging av aktivitets- og redgjøringsplikten etter likestillingslova går det fram ei detaljert oversikt over sjukefråværet.

Alle tilsette i HiSF har medlemskap i bedriftshelseteneste. Denne tenesta vert spesielt nytta i førebyggingsarbeidet og i arbeid som omhandlar HMS. Til dømes får alle nyttilsette får tilbod om arbeidsplasskartlegging i regi av bedriftshelsetenesta, der ein mellom anna tek opp ergonomiske tilpassingar av arbeidsplassen og lysforhold. I tillegg har vi samarbeid med NAV. Oppfølging av høgskulen sitt systematiske HMS-arbeid skjer gjennom medarbeidarsamtalar og vernerundar. Sjukefråværet er også fast sak på alle møta i arbeidsmiljøutvalet. HiSF jobbar jamt med å styrke leiarane sin kompetanse på HMS-området, ved t.d. å ha dette som fast tema på leiarmøta.

Tilsette over 60 år har i fleire år hatt tilbod om trening inntil to timar trening i arbeidstida. I 2015 vart trening inntil ein time i veka innført for alle tilsette. Tilbakemeldingar tilseier at dette er eit godt nytta tilbod og som bidreg til å skape godt arbeidsmiljø.

### **Leiaropplæring**

I 2015 har det vore arbeid med rekruttering av nye åremålstilsettingar. I alt 16 åremålsstillingar har vore lyst ut og tilsett i, rektor, viserektor, dekanar og instituttleiarar. Dette var eit stort arbeid og det vart gjennomført ein grundig rekrutteringsprosess.

Vi har starta med internt opplæringsprogram for nye og erfarne leiarar. Hausten 2015 vart det arrangert leiarseminar for alle leiarar der innhaldet var kommunikasjon og samhandling, i tillegg til praktisk kunnskap om drift av utdanning og organisasjon.

## B: Samfunn og effektmål for byggeprosjekt

---

HiSF flytta inn i eit nybygg i Sogndal sommaren 2012. Dette var byggesteg 2 i ein plan med ei ramme på 22.000 m<sup>2</sup> som vart vedteke tideleg på 2000 - talet. Bygget har fått ei sentral plassering og er eit knutepunkt for bygningsmassen til HiSF i Sogndal. I samband med prosjekteringa av bygget vart det sett opp ulike effektmål:

- Eit betre og meir attraktivt studiemiljø ved at ein samlar alle høgskuleaktivitetane i Sogndal på Fosshaugane Campus.
- Eit betre læringsmiljø ved at ein får meir funksjonelle undervisningsrom, fleire grupperom og felles bibliotek/ læresenter.
- Betre servicetenester for studentane ved å samlokalisere kantine, studenttorg, velferdstenester og lokale for studentdemokratiet.
- Meir rasjonell drift av høgskulen ved å samle administrasjon, studentekspedisjon, bibliotek, kantine og teknisk drift.
- Meir sambruk og betre utnytting av alle høgskulen sine lokale som er tilgjengelege på Fosshaugane campus.
- Betre utnytting av samla infrastruktur/ lokale på heile Fosshaugane Campus ved sambruk mellom idrettslag, vidaregåande skule, Vestlandsforskning og høgskulen.

Høgskulen har opplevd ei betydeleg auke i søkjartall i perioden 2008 til 2015. I 2008 hadde høgskulen 687 primærsøklarar på 672 plassar. I 2015 var det 1551 primærsøklarar på 916 plassar. Høgskulen kjem godt ut av ulike undersøkingar om studenttilfredsheit. Innføring av elektronisk bookingsystem har og gjort det meir effektivt å utnytte ledige romressursar i heile bygningsmassen. Sidan tre bibliotek vorte samla til eitt, har ein kunne utvida opningstidene og styrka servicenivået ovanfor brukarane.

Nybygget har vorte ein suksess, og både studentar og tilsette er godt nøgd med fasilitetane. Samstundes har høgskulen auka tal studentar og tilsette dei siste åra, og vi har no for lite areal både i nybygget og generelt, i både Sogndal og Førde.

HiSF har kome eit steg vidare med tredje byggjesteget i Sogndal. Seint på hausten 2014 kjøpte Statsbygg Gymnasbygget av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Gymnasbygget har ei strategisk plassering i høve til resten av vår bygningsmasse og vil være avgjerande for at høgskulen skal nå målet om ein effektiv og intim Campus. Gymnasbygget skal innehalde kontor og undervisningsrom og målet er at det skal være klar for innflytting sommaren 2018. Korte avstandar mellom våre bygg vil gjere at vi kan utnytte romkapasiteten i enno større grad enn i dag. Samstundes vil høgskulen gå ut av eldre bygningsmasse med svakheiter ved både tekniske installasjonar og mangel på universell utforming.

## C: Midlar tildelt over kap. 281

---

HiSF fekk i 2015 ingen løyving over kap.281.

## D: Midlar tildelt over kap. 260 post 50, SAKS midlar

---

HiSF fekk i 2015 saman med Høgskolen i Bergen og Høgskolen Stord/Haugesund tildelt kr 2.000.000 til arbeidet med å utgreie ein samanslåing av institusjonane. Desse midlane blei overførte til Høgskulen i Bergen.

Kr. 500 000 blei brukt til fellesutgreiinga (NIFU), vel kr. 100 000 er brukt til felles styreseminar.

Vidare er kr. 467 000 overført til kvar av dei tre institusjonane. Av dette har Studentparlamentet ved HiSF fått kr. 50 000 til ei fellesutgreiing saman med HIB og HSH. Resten er brukt i lønsmidlar til vår eiga utgreiing (2,5 månadsverk til prosjektleiar), og til å dekke reiseutgifter til møter i Bergen.



## IV. Styring og kontroll i verksemda

---

### A: Overordna vurdering

---

Styret i HiSF har utarbeid internkontroll tiltak som skal sikre at verksemda når dei tre målsettingkriteria:

- målretta og effektiv drift
- påliteleg rapportering
- overhald lover og reglar

For at HiSF skal kunne ivareta desse målsettingskriteria og kunne gjennomføre samfunnsoppdraget og føringane som er gitt i tildelingsbrevet, har styret ved høgskulen vurdert følgjande:

#### **Kontrollmiljø**

HiSF har ein tydeleg organisering med definerte rollar og ansvar. Budsjett og ansvarleg for internkontrollen på avdelingane og seksjonane er tydeleg definert gjennom stabs- og linjefunksjonar.

#### **Risikostyring**


I høgskulen sitt arbeid med risikostyring har vi teke utgangspunkt i det overordna risikobilete (sjå modell nedanfor). Gjennom dette synleggjer vi både vårt arbeid med risiko og risikostyring, samt nåverande risikobilete.

Styret i HiSF har tidlegare handsama ei eiga sak om risikostyring. I denne saka vart det peikt ut fem område som skulle prioriterast med omsyn til risikostyring. Desse er:

1. Rekruttering av studentar
  - a. God studiekvalitet
  - b. Godt studiemiljø
2. Rekruttering av medarbeidarar – rekruttere og utvikle fagleg tilsette
3. Kompetanse og FoU - fokus på kvalitet
4. Ekstern samhandling
5. Økonomisk robust organisasjon


Dette synleggjer eit bilete av HiSF sine overordna utfordringar og kva som blir vurdert som risikoområde i forhold til HiSF sine hovudmålsettingar i høgskulen si strategi. Modellen nedanfor viser også kva for dimensjonar vi ser for å være mest kritiske i forhold til vårt ansvar for å svare på samfunnsoppdraget.

## Overordna risikovurdering ved HiSF



Figur 3: Overordna risikovurdering ved HiSF

DFØ sine modellar for risikostyring nyttast som grunnlag i vårt arbeid. Figur 4 skildrar modellens innhald og logikk.



Figur 4: Handtering av risiko i mål- og resultatstyringa



## **Involverte i prosessen**

I tildelingsbrevet går det fram at risikostyring skal vere integrert i mål- og resultatstyringa.

Styret har ansvar for at det blir etablert eit system for risikostyring som omhandlar:

- Vurdering av akseptabel risiko
- Risikoelement som det skal takast omsyn til etter at akseptabel risiko er vurdert
- Vurdering av risikostorleik for kvart risikoelement
- Tiltak for å redusere risiko
- Vurdering av restrisiko etter at tiltaket er satt i verk

## **Kontrolltiltak**

HiSF har etablert kontrollaktivitetar som reduserer risikoar til akseptabelt nivå. Høgskulen har kontrolltiltak for at lover og reglar blir følgt. Vi har innført ei arbeidsdeling der fleire er involvert i økonomiske transaksjonar og vi gjennomfører ein relativt detaljert gjennomgang av rekneskapet i ettertid, der større avvik frå budsjettet må forklarast. Dette betyr at risikoen for å bli oppdaga klart er til stades. Det vil vera vanskeleg å få til eit underslag i HiSF utan at fleire samarbeider.

Dei kontrollrutinene vi har gjennomgått so langt bygger på at fleire har eit forhold til ei "arbeidsoppgåve" og at det er sjølvkontrollerande. Dette kan gjelda både tilhøve knytt til økonomiforvaltning, men og til HMS-arbeid der tillitsvalde/verneombod har ein viktig rolle. Men skal denne sjølvkontrollen fungera, må det vera ein kultur for å varsle dersom nokon opptre på ein uakseptabel måte.

Dette gjeld spesielt dersom leiarar gjer seg skuld i misbruk av stillinga si på ein eller annan måte. Det kan vera vanskeleg for ein underordna å protestera dersom ein leiarar kjem med eit pålegg som er tvilsamt i høve til overordna reglar og vedtak. Det er viktig og vere tydeleg på at det både er lov å varsle, men at det også er forventa.

## **Informasjon og kommunikasjon**

Høgskulen har ei nettside som er fungerer godt for å kommunisere ut informasjon til alle i organisasjonen. Saksutgreiing og vedtak for styresaker og andre råd og utval blir publisert og gjort kjent. Rektor si oppfylging av styrevedtak og at institusjonen driver i samsvar med dei overordna mål og føringar som departementet og styret set. Det er difor viktig at mål og ansvar for styring og kontroll internt blir informert/kommunisert i organisasjonen og deretter følgt opp.

HiSF tilfredsstillar og kravet til relevant regnskapsrapportering både internt til styre og til departementet. Høgskulen har ikkje hatt vesentlege merknader frå Riksrevisjonen og heller ikkje har hatt overskridingar av budsjettet. Vi legg til grunn at risikovurdering og interkontroll er tilfredsstillande ivaretatt i HiSF.

## B: Likestilling, diskriminering og tilgjenge

---

HiSF har nytta Universitet og høgskulerådet (UHR) sin mal for rapportering på likestilling. Rapporteringa er lagt ved som eige vedlegg; « Høgskulen i Sogn og Fjordane - oppfølging av aktivitets- og redegjæringsplikten etter likestillingsloven – 2015».

## C: Auke av tal lærlingar i statsforvaltninga

---

Vi har to lærlingar innanfor fagområde IKT. Læretida er på 1,5 år og vi tek inn ein lærling pr. år og får den på måten ein kontinuitet blant lærlingane. Det er ikkje funne rom for å auke tal lærlingar i budsjettet for 2016.

## D: Samfunnssikkerheit og beredskap

---

I KD sitt tildelingsbrevet til HiSF går det fram under samfunnssikkerheit og beredskap at HiSF i årsrapporten for 2015 skal rapporterer på fire punkt. Desse fire punkta vert gått gjennom nedanfor.

### 1. Er det gjennomført /revidert ein ROS-analyse i 2014 eller 2015?

I 2015 vart det utført ROS-analyse av uønska hendingar, som kan ramme HiSF. Tre grupper, sett saman av personar frå it, drift, informasjon, utdanning, økonomi, personal og studiestaden Førde, utførde ROS-analysen. Analysen er lagt fram og diskutert i leiargruppa, og er korrigert etter innspel frå denne gruppa. ROS-analysen listar opp ni uønska hendingar i HiSF. For kvar uønska hending er det gjort ei vurdering for graden for sannsynlegheit at hendinga kan skje på ein skala frå 1-5, frå lite sannsynleg til sær sannsynleg, og ei vurdering på graden på kva konsekvensen kan føre før på ein skal frå 1-5 frå ubetydeleg til sær kritisk.

Gjennom ROS-analysen vart følgjande ni hendingar definert som uønska hendingar ved HiSF:

1)Alvorleg ulukke/hending – utanfor campus, 2) Alvorleg ulukke/hendingar – utland, 3) Terrorhandling/ skyting på campus 4) Trussel og vald, psykisk ustabile personar, 5) Pandemi, 6) Brann og vasskade, 7) Straumbrot, 8) Flom, 9) Skadeverk/innbrot/tjuveri.

I tillegg er det utført ei eiga ROS-analyse for IT sikkerheit i HiSF.

### 2. Er ROS-analysen følgt opp gjennom eigen handlingsplan?

Det vart i samband med ROS-analysen sett opp risikoreduserande tiltak for kvar av dei uønska hendingane. Det er i denne oversikta lista opp tiltak som allereie er på plass og framlegg til nye tiltak for å handtere uønska hendingar.

Handlingsplan med tiltak og tidsplan for oppfølging og gjennomføring av kontroll og korrigeringa er ikkje utarbeidd. Med bakgrunn i dei risikoreduserande tiltaka som er utarbeidd i samband med ROS analysen, vil vi utarbeide ein handlingsplan som oppfyller dette kravet. Dette arbeider er starta opp.

### 3. Er det gjennomført og evaluert ei kriseøving i 2015?

I januar 2015 hadde HiSF to dagars kurs i kriseleiing, inkludert kriseøving. Arrangør var Oppland sivilforsvarsdistrikt, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB). Sivilforsvaret si avdeling i Sogndal, fylkesmannen og politiet, som alle vil vere lokale samhandlingsaktørar i ein krisesituasjon, deltok også på kurset.

Kurset var inndelt i to bolkar. Den første delen av kurset bestod av ein teoridel der følgjande var tema; krav til samfunnssikkerheit og beredskap, kriseoppgåver høgskulen bør vere førebudd på, innhald i kriseplan, informasjonsflyt, ROS-analyse, planverk og tiltakskort og organisering av kriseleiing. Den andre delen av kurset var ei praktisk kriseøving som sivilforsvaret organiserte. Kriseleiinga ved høgskulen deltok i øvinga og vart opplevd som relevant og nytting. Kriseøvinga er evaluert og som oppfølging av øvinga er det utarbeidd varslings- og evakueringsplan, rolle- og informasjonsplan, ROS-analyse og kriseplanen er revidert.

#### **4. Er styringssystem for informasjonssikkerheit innført?**

Vi har utarbeidd plan for styringssystem for informasjonssikkerheit som blir lagt fram som styresak for HiSF styret i mars 2016. Etter styrebehandling vil vi arbeide vidare med å implementere planen i høgskulen.

## **E: Tidstjuvar**

---

Vi skal under overskrifta tidstjuvar rapportere på følgjande tre punkt;

### **1. Tidstjuvar som verksemda sjølv har prioritert å fjerne**

- Redusere reisetid ved å ha interne møte på Skype.  
Ved å velje møte via Skype framfor fysisk frammøte ved deltaking av tilsette frå dei to campusane våre gjer at ein kan spare inntil 3 timar i reisetid (tur/retur) pr. person. Skype-møte krev og at vi må ha ryddige og strukturerte møte, småprat i det eine lokale vert opplevd som støyande for dei som sit i det andre lokale.
- Minimalisere møteaktiviteten og halde effektive møte ved strukturert og god møteleiing. Møta vert og forsøkt lagt til anten starten av eller slutten av dagen slik at kan ha ei god arbeidsøkt i tillegg.
- Utvalde møte og kurs vert strøyma slik at tilsette kan følgje møte/kurset frå kontoret framfor å møte opp.

### **2. Tiltak for å fjerne utvalde tidstjuvar (planlagde, under arbeid og gjennomførte)**

- Opplæring i ulike datasystema / verktøya for å oppnå meir effektiv bruk. Dette er område vi har jobba med Det har vorte halde fleire kurs i bruken av fleire av dataverktøya våre i 2015 og dette er noko vi vil halde fram med. Då høgskulen bytte ut telefon med Skype vart det halde kurs for alle tilsette over ein periode. Behov for ytterlegare kurs for tilsette vert vurdert fortløpande. For at tilsette skal oppnå ei meir effektiv utnytting av forskingstida, har seksjon for fou halde ulike kurs i innanfor statistikk, forskningsetikk og andre relevante område. Fleire og nye kurs står på planen.
- Vidare vil vi halde fram med å nytte Skype til dei møte det høver og strøyme utvalde møte

### **3. Resultat av arbeidet**


Når det vert tilbydd fleire og relevante kurs i bruk av dataverktøy ser vi at tilsette melder seg på kursa, og tilbakemeldingane har vore positive. Strøyming av møte gjer at tilsette får tilgang til relevant informasjon på ein lettvindt måte. Vi ser og at ved å minne om tidstjuvar og jobbe med det gjer at tilsette vert meir merksame på korleis tida på jobben vert nytta.

## V. Vurdering av framtidutsikter

---

### A: Planar

---



## Sektormål 1

### Høg kvalitet i utdanning og forskning

#### 1.1 Verksemdsmål

Studentar skal få tilbod om forskingsbasert utdanning med høg fagleg kvalitet. Høgskulen skal leggja tilhøva til rette for utvikling av «den gode undervisaren».

##### 1.1.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjonsnivå 2016	Gj.snitt statlege høgskular 2016
	2012	2013	2014	2015		
Studentar per fagleg årsverk	19,7	17,7	18,1	16,9	16,5	
%-del kandidatar som seier dei er svært godt eller godt nøgde med studieopphaldet ved HiSF (Kandidatundersøkinga)	87	88	90	90	90	
%-del kandidatar som meiner arbeidstilhøve ved HiSF var gode eller svært gode (Kandidatundersøkinga)	71	67	71	72	73	
Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om kor tilfreds studentane er med eige læringsutbytte		3,7	3,8	3,8	3,9	3,7
Skår på studiebarometeret.no på indeksen om undervisning og rettleiing			3,7	3,8	3,9	3,6
Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar (Studiebarometeret)				32,2	35	34,7
Skår på studiebarometeret.no når det gjeld kor nøgd studentane, alt i alt, er med eige studieprogram. (Oppfatning av studiekvalitet)		4,3	4,3	4,3	4,4	4,1

### 1.1.2 Analyse

Det er viktig at studieprogramma til høgskulen er bygd opp på ein god og heilskapleg måte, der studentane etter fullført utdanning har god fagkunnskap og evne til kritisk tenking og refleksjon. Samspelet mellom forskning og utdanning er med på å sikre høg fagleg kvalitet i studieprogramma. Tettare samarbeid mellom utdanning og FoU er eit satsingsområde for høgskulen, noko som også skal visa att i omtalen av læringsutbytte i studieplanane.

God undervisningskvalitet er sentralt for alt høgskulen gjer, og for å oppnå dette må vi utvikle og løfte fram lærarar med god kompetanse og evne til formidling. Ut frå tilbakemeldingane frå studentane i Studiebarometeret og kandidatundersøkingane å døme, er målsettinga om å ha lærarar som er «tett på» i stor grad oppfylt, men likevel noko varierende mellom dei ulike studieprogramma. Det blir viktig å underbygge dette som eit varemerke for høgskulen også i framtida. Lærarar må vere motiverte for å drive undervisning og rettleiing av studentar, og dei må oppleve at god undervisning vert verdsett av høgskulen. Høgskulen må difor jobbe systematisk med å leggje til rette for at dei fagtilsette skal få tid og høve til å utvikla seg som gode lærarar og formidlarar og det må leggjast til rette for gode karriereveggar som honorerer god undervisningskvalitet.

Når det gjeld styringsparameteret «Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten (Studiebarometeret)», finn vi ikkje eit eige spørsmål på dette i undersøkinga. Vi har difor valt å ta utgangspunkt i skåren som seier kor nøgde studentane er «alt i alt» med eige studieprogram.

Det er ulikskapar mellom studieprogramma våre når det gjeld tidsbruk, spesielt på kor mange timar eigeninnsats studentane rapporterer at dei bruker på studia. Vi ser at det er nokre utfordringar med denne eigenrapporteringa, då det er skilnadar mellom studentar på kva dei reknar som eigeninnsats. Vi har ei målsetting om å skape gode samanhengar mellom det som skjer i timane og innsatsen til studenten i kollokviearbeid og sjølvstudium.

### 1.1.3 Tiltak

1. Forskingsbasert kunnskap skal vera ein del av læringsutbyttet i studieplanane
2. Vi skal gjera studentane kvalifiserte til å forstå og bruka forskingsmetodar
3. Studentar skal involverast i relevante forskingsprosjekt
4. Bachelor- og masterforum skal vera møtestader for arbeid med pedagogisk kvalitet
5. Vi skal vidareutvikla kvalitetsarbeidet, mellom anna med oppfølging av ny rutine for kvalitetsrapportering
6. Vi skal tilby to høgskulepedagogiske emne i året for å sikre god basiskompetanse og fagleg utvikling blant dei fagtilsette
7. Vi skal halda oppe tilstrekkelege ressursar til god undervisning
8. Høgskulen skal leggje til rette for gode karriereveggar og verdsetjing av god undervisning.

## 1.2 Verksemdsmål

### Høgskulen skal rekruttera kompetente og motiverte studentar til utdanningsprogramma

#### 1.2.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjonsnivå 2016	Gj.snitt statlege høgskular 2016
	2012	2013	2014	2015		
Primærskjalar gjennom Samordna Opptak	1285	1576	1216	1551	1700	
Primærskjalar per utlyst studieplass i SO-opptaket	1,66	1,79	1,48	1,69	1,9	
Gjennomsnittskaraktar nye frammøtte studentar via SO	3,89	3,9	3,92	3,98	4	
Nye studentar rekruttert gjennom SO	853	942	840	919	920	
Nye studentar rekruttert utanom SO	711	637	791	814	800	
%-del av nye studentar frå SFj som byrja ved HiSF (SO)	23,7	24,5	20,3	22,6	23	
%-del nye HiSF-studentar som er frå andre fylke enn SFj (SO)	67,1	67	68,8	68,8	67	

#### 1.2.2 Analyse

Høgskulen har som ambisjon å halde fram den gode utviklinga i studentrekruttering dei siste åra. Med det svake befolkningsgrunnlaget i nærrområda og nærleiken til universitetsbyen Bergen, er det avgjerande for god rekruttering at vi framstår tydeleg og attraktivt i eit breiare geografisk nedslagsfelt. Tilfredse studentar som delar gode røymsler med andre er avgjerande for å nå måla om å nærme oss 2,0 primærskjalar per studieplass og gjennomsnittskaraktar frå vidaregåande skule (utan tilleggspoeng) på minst 4,0 hjå dei nye studentane i 2016 .

Vi har som ambisjon å halda oppe den gode rekrutteringa også til master- og vidareutdanningar. I dette ligg det også ambisjonar om å vidareutvikla tilbodet av utdanningar med meir fleksibel organisering (deltid, nett- og samlingsbasert). Fleire masterprogram med eigen akkreditering og auka aktivitet gjennom programmet Kompetanse for kvalitet skal bidra til å nå målsetjingane.

Svikt i studentrekrutteringa vil vere svært alvorleg for høgskulen. Vi er difor avhengige av å drive systematisk omdømebygging med tydeleg profil, relevante utdanningar med god kvalitet, nært samarbeid med praksisfelt og nøgde studentar. Vi satsar også på å vidareutvikla samarbeidet med studentsamskipnaden og vertskommunane.

Vi jobbar med å vidareutvikle marknadsføringa av utdanningane, der aktiv bruk av studentambassadørar framleis vil vere det viktigaste. Vi aukar satsinga på digitale kommunikasjonskanalar, og er mellom anna aktive på fleire plattformer enn før. Vi har ei utfordring med å vere attraktive nok for dei lokale søkerane, og har ei målsetting om å også auke rekrutteringa

frå Sogn og Fjordane, mellom anna gjennom å besøke alle dei vidaregåande skulane og folkehøgskulane i fylket, og ta i mot elevane på besøk på våre campus.

### 1.2.3 Tiltak

1. Høgskulen skal ha attraktive studietilbod som skil oss ut, både nasjonalt og regionalt.
2. Vi skal bruke dei svært gode resultatane frå studiebarometeret.no og eigne undersøkingar aktivt i studentrekrutteringa.
3. Vi skal vidareutvikla marknadsføring av utdanningane, mellom bruk av studentambassadørar og fleire digitale kommunikasjonskanalar er viktigaste elementa.
4. Vi skal samarbeide aktivt med relevant samfunns- og næringsliv om rekruttering av studentar.
5. Vi skal besøke og invitere elevar i alle dei vidaregåande skulane og folkehøgskulane i Sogn og Fjordane.

### 1.3 Verksemdsmål

**Tilhøva skal leggast til rette for at studentane lukkast i utdanninga**

#### 1.3.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjonsnivå 2016	Gj.snitt statlege høgskular 2016
	2012	2013	2014	2015		
Totalt studenttal per 1.10	3831	3678	3887	3783	3900	
Eigenfinansierte heiltidsekvivalentar 1.10	2797	2854	2967	2924	2970	
Studiepoeng per heiltidsekvivalent	50,8	52,4	51	51	51,5	
Eigenfinansiert studiepoengproduksjon (60-poengeiningar)	2368	2494	2521	2499	2550	
Kandidatproduksjon	527	637	645	733	700	
Gjennomføring i samsvar med avtalt utdanningsplan (%)	88,7	91,4	89,6	88,5	90	
Gjennomføring på normert tid for bachelorkandidatar 2013-kullet (%)	57,4	61,5	61,1	60,5	62	
Gjennomføring på normert tid for masterkandidatar 2014-kullet %			59,1	54,6	60	
Del uteksaminerte kandidatar tekne opp på doktorgrads-program seks år tidlegare			75	83,4	100	
Tal avlagde doktorgrader	2	4	3	4	4	
Samla skår på Studiebarometeret på hovudområdet «Studie- og læringsmiljø»				4	4,2	
Samla skår på Studiebarometeret på hovudområdet «Undervisning og rettleiing»				3,8	4	
Samla skår på Studiebarometeret på hovudområdet «Medverknad»				3,5	3,8	



### 1.3.2 Analyse

Ein stor del av dei mange unge studentane flytter til dei relativt små studiestadane våre, og bur og lever som heiltidsstudentar i studiemiljøet. Dette gir gode vilkår for nære relasjonar og tett oppfølging, og eit aktivt og stimulerande studentmiljø. Eit stimulerande og trygt læringsmiljø skal vere eit tydelig varemerke for HiSF, og vi skal også i åra som kjem ha maksimal fokus på tett samarbeid mellom faglærarar, støttetjenester og studentane sjølve. Vi skal leggje vekt på at studentane kjenner både leiarar og faglærarar, får god oppfølging på arbeidet og har høve til å påverka studiekvardagen.

Vi har som ambisjon å vidareutvikle det tette samarbeid med studentorgana. Røynslene med større ressursar til Studentparlamentet og ordninga med at leiar i parlamentet deltek i høgskulen sine leiarmøte er positive og må vidareutviklast. Vi må jobbe for å motivere studentar til å ville ta på seg verv, og sørge for god informasjon og opplæring.

Studentane våre er i dag på topp i landet når det gjeld gjennomføring på normert tid, og det krev vedvarande satsing for å halda oppe dette. Grunnlaget for at ein student skal lukkast blir lagt frå studiestart. Difor må vi sørge for at nye studentar får god opplæring og blir stimulerte til gode arbeidsvanar frå første semester, og at dei får god opplæring både i skriving, studieteknikk, IT- og bibliotekverktøy. Eit godt fysisk og sosialt studentmiljø, tilgang på funksjonelle arbeidsplassar og oppdatert utstyr er viktig for at studentane skal trivast og grunnleggande for å lukkast i studiet.

### 1.3.3 Tiltak

1. Vi skal utvikle gode studieplanar med god progresjon og klare faglege krav i læringsutbytta.
2. Vi skal vidareutvikle studiestart for nye studentar med gode opplæringstilbod og hjelp til gode arbeidsvanar. Røynslene med «mentorprosjektet» i 2015 skal evaluerast og nyttast som grunnlag for vidare utviklingsarbeid.
3. Vi skal leggje tilhøva til rette for eit levande og attraktivt studentmiljø, og vi skal sikre gode arbeidstilhøve på campus.
4. Vi skal vidareutvikle medverknad frå studentane med nært samarbeid, god informasjon og hjelp til opplæring av tillitsvalde.

## 1.4 Verksemdsmål

Internasjonalisering skal vera ein integrert del av all verksemd ved høgskulen

### 1.4.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjonsnivå 2016	Gj.snitt statlege høgskular 2016
	2012	2013	2014	2015		
Samla tal utvekslingsstudentar frå DBH – varighet over 3 mnd*	82	75	90	87	100	
Samla tal utvekslingsstudentar- varighet under 3 mnd**	-	-	14	27	30	
Studentmobilitet Erasmus+			30	28	35	
Del utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet på utvekslingsstudentar (DBH)			22,22	32,18	35	
Tilsettmobilitet Erasmus+			10	10	20	49,11
Engelske semesterstudium (30 stp) for internasjonale studentar				8	9	

\*Tal frå DBH

\*\* Mobilitet i tillegg til DBH-tala

### 1.4.2 Analyse

Høgskulen har svake resultat når det gjeld utveksling og mobilitet blant studentar og tilsette. Høgskulen har hatt auke i studentmobilitet dei siste åra, sjølv om ikkje all utveksling har gitt utslag i dei offisielle tala i DBH. Høgskulen har mange rammeplanstyrte utdanningar der det er vanskeleg å legge til rette for praksisopphald eller studieopphald over 3 månader. Vi har difor lagt til rette for kortare praksisopphald for desse studentgruppene ved internasjonale samarbeidsinstitusjonar. Saman med betre fagleg tilrettelegging har vi som mål å auke mobiliteten for utreisande studentar gjennom Erasmus+. Med fleire engelskspråklege semestertilbod har høgskulen og som mål å auke det samla talet gjestestudentar i 2016. God marknadsføring og nye engelskspråklege nettsider skal bidra til dette.

Med den strategiske satsinga på internasjonalisering av utdanning og forskning er det auka interesse blant dei tilsette for mobilitet. Vi håpar å få auka tildelinga til tilsettmobilitet gjennom Erasmus+ i 2016, og samtidig nytte noko meir av eigne midlar for å nå målsettinga vår her. Høgskulen arbeider for ei tettare kopling mellom internasjonal forskingsaktivitet og styrking av fagleg mobilitet. Det er sett av strategiske midlar til å bygge internasjonale nettverk med sikte på undervisnings- og forskingsopphald i utlandet.

Høgskulen arbeider for å styrke det internasjonale perspektivet i utdanningane våre. Høgskulen sine studieplanar skal synleggjere dette gjennom læringsutbytte og val av pensum. Vi har ei målsetting om å auke kompetansen og bevisstheita rundt dette hjå dei fagtilsette.

### 1.4.3 Tiltak

1. Sikre eit internasjonalt perspektiv i høgskulen sine studieplanar.
2. Utvikle nytt høgskulepedagogisk emne om internasjonalisering og mangfald i utdanningane.
3. Vidareutvikle informasjonen til tilsette om stipendordningar og internasjonal aktivitet i samarbeid med seksjon for FoU.
4. Motivere og legge til rette for tilsette som ønskjer engasjera seg i internasjonalt samarbeid, til dømes gjennom utlysing av stipend.
5. Styrke det administrative støtteapparatet og ta i bruk digitale søknadsverktøy for studentmobilitet.
6. Auka satsing på marknadsføring av tilbodet til utreisande studentar, med vekt på å auke delen Erasmus+.
7. Utvide studietilbodet for internasjonale studentar med fleire engelske semesterstudium
8. Vidareutvikle marknadsføringa retta mot internasjonale studentar.



## 1.5 Verksemdsmål

HiSF skal auke talet på publikasjonar til å bli ein høgskule med høg vitenskapleg publisering, og skal ha høg fagleg og forskingsetisk kvalitet på fou-arbeidet

HiSF skal ha høg vitenskapleg publisering og utvikle forskingsbasert kunnskap og nyskaping innanfor dei yrkesfelte høgskulen utdannar til, og innanfor dei områda der HiSF har særskilte fortrinn med basis i geografisk plassering, kompetanse og regionalt samfunns- og arbeidsliv.

HiSF skal satse på dei sentrale utdanningsfelte lærarutdanning, helsefagutdanning, sosialarbeidarutdanning, idrettsutdanning, naturfagutdanning og økonomisk-administrativ utdanning. HiSF skal spesielt utvikle ny forskingsbasert kunnskap i robuste fagmiljø med høg kompetanse, og i tett samspel med regionalt samfunns- og arbeidsliv. HiSF skal særskilt bygge vidare opp strategiske forskingsprogram innan idrettsforskning; læringsforskning; natur- og miljøvitenskap; samhandling, innovasjon og styring av offentleg sektor; og kunnskapsleing i førstelinetenesta. HiSF skal og styrke samarbeidet med Helse Førde gjennom det strategisk forskingssenteret Senter for helseforskning, og samarbeidet med Vestlandsforskning både innan felles støttetjenester for forskning og gjennom faglege satsingar.

### 1.5.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing 2016	Snitt SH 2014
	2012	2013	2014	2015		
Publikasjonspoeng	50,1	40,1	71,3	105,7	115	-
Publikasjonstal – nivå 2-andel (%)	9,6	5,6	8,1	10,4	10	11
Auke i publikasjonspoeng (%)	30,3	-20,0	77,8	48,4		-
Publikasjonspoeng per UFF-stilling	0,26	0,19	0,33	0,48	0,50	0,42
Del årsverk i førstestillingar av UFF (%)	36,4	38,4	38,5	42,7	45	-
Tal årsverk i dosentstillingar	5	4	4	6	8	-
Tal årsverk i professorstillingar	6,5	8,3	7,8	11	13	-
Tal årsverk i stipendiatstillingar	19,7	21,8	20,1	26	28	-

### 1.5.2 Analyse

Høgskulen har satt som mål å ha 0,5 publikasjonspoeng per vitenskapleg stilling i år 2020. Målet om auka vitenskapleg poenggevendande produksjon er ambisiøst, men er likevel oppnåeleg over tid med dei tiltak er sett i verk for å styrke fou-arbeidet ved HiSF. Særleg vil ei auke av fou-tid til tilsette som har stort publikasjonspotensiale vere med å bidra til å nå denne målsettinga. Samtidig vil eit auka tilfang av doktorgradsstipendiatar gjennom eksternt finansierte forskingsprosjekt og løyvingar frå departementet styrke både kompetansen og den vitenskaplege publiseringa ved HiSF. Talet på vitenskaplege publikasjonar og publikasjonspoeng per fagstilling vil bli følgt tett av høgskulen framover, og det har vore ei svært god utvikling på denne styringsparameteren dei siste åra. Det vil likevel vere svært viktig å halde fram satsinga på å få gode fou-resultat fagfelleverderte og gjevne ut i vitenskaplege kanalar for å sikre både kvalitet og tilgjenge for kunnskapsproduksjonen ved HiSF.

Det har særleg vore satt i gang tiltak i form av fou-stipend som det er sannsynleg at har bidrege til den positive utviklinga frå 2013, og som ein forventar at skal gje enno større effekt i åra som kjem. Fou-stipenda rettar seg mot særleg aktive forskarar i form av fire ulike stipend; *forskarstipend* for unge forskarar med nyleg avlagt doktorgrad, *professorkvalifiseringsstipend*, *forskingstermin* for etablerte forskarar og *førstelektorkvalifiseringsstipend*. Stipenda vektlegg vitenskapleg publisering, rettleing og kompetanseheving av kollegaer, og eit auka fokus på å søke ekstern finansiering.

Det vil vidare i 2016 blir lagt vekt på å styrke fou-tida særleg for førstestillingar for å gje auka moglegheiter for å publisere, søke ekstern finansiering og vidareutvikle kompetanse mot toppstillingar. Det vil og etablerast eit *kompetanseprogram* som skal gje formell fou-kompetanse til tilsette i kvalifiseringsløp både til førstestillingar og toppstillingar, og slik auke delen tilsette med førstekompetanse til 50 prosent i 2020, og samstundes få fleire tilsette med toppkompetanse. Det er vedteke ein Handlingsplan for fou 2015-2020 våren 2016 som legg fram ei rekke med tiltak for å nå målsettingane innan kompetanse, publisering og eksterne inntekter innan 2020. Det reknast difor å vere moderat til liten risiko for at ein ikkje skal nå dei langsiktige målsettingane innanfor vitskapleg publisering og kompetanse innan 2020. Risikoen vil auke dersom ein ikkje får frigjeve strategiske midlar til å gjennomføre tiltaka i handlingsplanen.

Høgskulen skal ha høg forskningsetisk kvalitet på fou-arbeidet, og har eit etablert system for å handtere mistanke om vitskapleg uredeligheit i forskning. HiSF vil oppdatere dette systemet etter at det kjem ny forskrift for etikk og redeligheit i forskning i 2016, og samtidig utvide mandatet til det forskningsetiske utvalet ved HiSF til å også inkludere Vestlandsforskning. Høgskulen skal og arrangere ein «Forskingsetisk dag» for alle tilsette for å auke kompetansen og refleksjonen rundt forskningsetiske problemstillingar.

### 1.5.3 Tiltak

1. HiSF skal legge stor vekt på fou-kompetanse ved tilsetting i fagstillingar
2. HiSF skal ha intern kollegarettleiing i rekrutteringsstipend og førstelektor-kvalifiseringsstipend for å sikre god oppfølging
3. HiSF skal ha eigne forum for tilsette i førstelektorkvalifiseringsløp og professor/dosentkvalifiseringsløp.
4. HiSF skal tildele målretta fou-stipend som førstelektorkvalifiseringsstipend, forskarstipend, professorkvalifiseringsstipend og forskingstermin til særskilt aktive forskarar for å styrke fou-aktiviteten i høgskulen
5. HiSF skal prioritere tilsette i førstestillingar i tildeling av fou-tid
6. HiSF skal etablere eit kompetanseprogram for fou som skal gje formell kompetanse til tilsette i kvalifiseringsløp, og som skal vere ope for studentar
7. HiSF skal eigenfinansiere doktorgradsstudentar ut over ramma frå KD for å auke talet doktorgradsstipendiatar
8. HiSF skal særskilt styrke forskingsaktiviteten i høgskulen i robuste fagmiljø knytt til utvalde strategiske forskingsprogram
9. HiSF skal legge inn rekrutteringsstipend i forskingsprosjekt med ekstern finansiering
10. HiSF skal arbeide vidare med å etablere gode rutinar for kvalitetssikring av fou og forskningsetikk
11. HiSF skal stimulere og styrke kompetansen i vitskapleg skriving for å engasjere fleire av dei fagtilsette til publisering

## 1.6 Verksemdsmål

HiSF skal særleg utvikle praksisnære fou-prosjekt på regionale problemstillingar med nasjonal eller internasjonal relevans, og involvere studentar meir i forskings- og utviklingsarbeid

### 1.6.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing 2016
	2012	2013	2014	2015	
Tal publikasjonar frå studentoppgåver	8	5	6	8	10
Tal studentforfattarar	0	1	11	16	15
Tal nye lærebøker og fagbøker	2	7	10	14	15

#### Kvalitativ styringsparameter: Resultatoppnåing på forskning i forhold til vår eigenart

Høgskulen skal styrke forskingsinnsatsen innan dei områda der ein er spesielt konkurransedyktig i forhold til andre institusjonar i UH-sektoren. Dette gjeld spesielt innan område der ein har akkrediterte mastergradssatsingar, område med høg professor- og førstekompetanse, og område der ein har særskilte fortrinn gjennom geografisk plassering eller tett kopling til regionalt samfunns- og arbeidsliv. Høgskulen skal og auke andelen tilsette som driv aktivt fou-arbeid og aktivt stimulere til kompetanseheving for tilsette for å redusere ulikhetane i kompetanseprofil mellom avdelingane.

Høgskulen har ein praksisnær profil med tett samarbeid med praksisfeltet innan forskning og utdanning. Dette gjeld både for fou-prosjekt i samband med profesjonsutdanningane, men og innan fagmiljøa på idrett- og friluftsliv og naturfag som legg vekt på praktisk kunnskap og bruk av naturen som læringsarena. Fou-aktiviteten skal særskilt legge vekt på å stimulere til gode fou-prosjekt saman med profesjonane vi utdannar for, og saman med relevant samfunns- og arbeidsliv. Høgskulen skal arbeide aktivt for at Sogn og Fjordane blir eit viktig laboratorium for forskning og kunnskapsinnsamling på nasjonale problemstillingar, og særskilt innan forskingsområda *folkehelse, læring og klima og miljø*.

Høgskulen er og i ein prosess for å greie ut eit til to områder med sikte på å etablere PhD-utdanning innan 2020 – gjerne i samarbeid med andre institusjonar. Dette arbeidet vil halde fram i 2016 med etablering av to strategiske tverrfaglege satsingsområder for HiSF.

#### Kvalitativ styringsparameter: Samspel mellom forskning og utdanning

Høgskulen skal gje alle studentar god forskingsbasert undervisning gjennom aktiv deltaking i forskingsprosjekt, feltarbeid, datainnsamling, praksisarbeid og i studentaktiv undervisning. Fagtilsette skal formidle fagleg oppdatert pensum til studentane, og formidle eiga forskning til studentane. Det er eit *masterforum* ved høgskulen som samlar programansvarlege for masterutdanningane ved høgskulen, og som arbeider med å styrke studentar si deltaking i forskning i masterutdanningane. Høgskulen skal auke tale publikasjonar som har studentmedforfattarar, og stimulere til aktiv deltaking av studentar i forskingsprosjekta ved høgskulen. Særleg har større eksternfinansierte forskingsprosjekt potensiale for å knytte studentar i prosjektoppgåver til seg i fasar med datainnsamling, eller som studentassistentar. Forskingsbasert kunnskap utvikla ved høgskulen skal tas opp i undervisninga gjennom lærebøker og fagbøker, og kunne gje grunnlag for nye spesialiseringar og retningar i utdanningane ved høgskulen. Høgskulen har som ambisjon å gje framifrå forskingsbasert undervisning, og dette er synleggjort som eit eige kapittel i handlingsplanen for utdanning som er vedteken våren 2015. Studentar på master og bachelornivå skal og ha tilgang til kompetanseprogrammet for fou for å kunne ta kurs i forskingsmetodikk, kvantitativ- og kvalitativ analyse, vitenskapleg skriving og etiske retningslinjer.

### 1.6.2 Analyse

Høgskulen har eitt tett og etablert samarbeid med offentlege aktørar i regionen, og helse- og velferdsutdanningane har særleg praksisnære fou-prosjekt saman med samfunns- og arbeidsliv. Lærarutdanninga og idrettsutdanninga sitt tette samarbeid med skulesektoren i Sogn og Fjordane er nasjonalt kjend, og har gjort det mogleg å sette i gang store forskingsprosjekt som *Lærande regionar* og *ASK – Active Smarter Kids* i fylket. Vidare har naturfagmiljøet eit godt samarbeid med både energibransjen, banknæring og fylkeskommunen som har resultert i eit stort forskingsrådsfinansiert prosjekt RELEASE som skal sjå på lokale konsekvensar av fornybar energi. Helsefagsutdanninga har og eit svært tett samarbeid med Helse Førde gjennom eit felles strategisk forskingssenter på Helseforskning. Sosialarbeidarutdanninga har starta forskingssirkklar saman med praksisfeltet. Desse samarbeida skal styrkast framover.

Høgskulen har god tradisjon for å utvikle praksisnære fou-prosjekt på regionale problemstillingar med nasjonal relevans, men det er likevel ei utfordring å få tilstrekkeleg storleik på desse prosjektet til at ein kan legge godt til rette for publisering av fou-resultat frå prosjekta. Det er og viktig at høgskulen greier å formidle relevansen og resultatata av desse prosjekta godt nok nasjonalt og internasjonalt, og arbeidet med å formidle resultat gjennom media og [Forskning.no](http://Forskning.no) har vore svært godt i 2015 – med pris for Årets artikkel frå [forskning.no](http://forskning.no) til vår kommunikasjonsrådgjevar Katrine Sele. Dette arbeidet skal vidare styrkast både internt i høgskulen og i samarbeid med Vestlandsforskning i 2016.

### 1.6.3 Tiltak

1. HiSF skal peike ut 1-2 strategiske satsingsområde som skal danne grunnlaget for mogleg framtidig etablering av PhD-utdanning
2. HiSF skal tilby emner i kompetanseprogrammet for fou til studentar
3. HiSF sit forum for masterutdanningar skal sjå på korleis ein kan styrke studentar si deltaking i forskning i utdanningane
4. HiSF skal legge stor vekt på internasjonal publisering av resultatata frå fou-prosjekt for å sikre internasjonal relevans
5. HiSF skal auke storleiken på fou-prosjekt gjennom å aktivt søke fleire prosjekt frå NFR saman med regionale aktørar frå samfunns- og arbeidsliv

## 1.7 Verksemdsmål

HiSF skal utvikle sterke fou-miljø og forskningsgrupper som får tilslag på ekstern finansiering og som har gode internasjonale relasjonar

### 1.7.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing 2016
	2012	2013	2014	2015	
Tal egne NFR/RFF søknader	7	9	10	16	20
Tilslag egne søknader NFR/RFF (%)	28,6	33,3	30,0	25	25
Tal samarbeidssøknader NFR/RFF	2	5	3	8	10
Tilslag samarbeidssøk. NFR/RFF (%)	100	16,7	0	25	25
Midlar frå NFR (1000 kr)	4 838	10 004	9727	11423	15000
NFR-tildeling per UFF-stilling (kr)	24,9	48,0	45,4	51,6	70,0
Tal eksternfinansierte stipendiatar	3,5	6,5	8,5	8,5	12
Del artiklar med int. samforfattarar (%)	32,3	27,9	-	23,3	35
Horisont 2020 (1000 kr)	255	571	91	1079	1200
Horisont 2020 per UFF-stilling (kr)	1,3	2,7	0,4	4,9	6,0

### 1.7.2 Analyse

Høgskulen har som målsetting å ha sterke forskningsgrupper med høgt tilslag av ekstern finansiering frå NFR, og vesentleg aktivitet mot EU i 2020. Høgskulen arbeider aktivt mot relevante utlysingar NFR, og søker midlar for gode fagmiljø for å finansiere forskningsaktivitet, publikasjonar, stipendiatar og forskaropphald. Vi arbeider og med eit meir målretta arbeid for å formidle relevante utlysingar til fagmiljøa på avdelingane. Søknader om eksterne midlar skal og vere med på å bygge opp gode relasjonar med andre nasjonale partnarar som det er naturleg å knytte til seg i slikt søknadsarbeid. Høgskulen har dei siste åra fått nokre store prosjekt i NFR som bidrege til å løfte dei involverte fagmiljøa monaleg, og har slik hatt god utteljing hos NFR. Dette vil og gje positivt utslag på midlar frå NFR dei neste 2-3 åra. Det er likevel eit risikomoment at dette fram til no har vore størst aktivitet og tilslag innanfor ordninga Strategiske Høgskuleprogram som går mot slutten., og det vil difor vere viktig å lukkast innanfor andre program i NFR. Det er difor særleg gledeleg at vi i 2015 og fekk tilslag på fri prosjektstøtte i FRIPRO og innanfor teknologifag med eit forprosjekt innan IKTPLUSS-programmet.

HiSF skal og etablere eit tiltak for kvalitet i søknader som skal sikre at «best practice» frå søknader til NFR som har fått god evaluering skal brukast i andre søknader for å auke sjansen for tilslag. Det skal og leggest vekt på søknadsskriving som eit verdifult fou-resultat i søknader om ekstra fou-tid.

HiSF har sterke fagmiljø med høg kompetanse, god vitenskapleg publisering, eksterne forskingsmidlar og god rekruttering (større fagleg felleskap) innan *klima og miljø, idrettsforskning og fysisk aktivitet, læringsforskning, innovasjon og samhandling i offentleg sektor, og forskning på livskvalitet og fedme*. Desse strategiske satsingsområda skal utviklast vidare gjennom ekstern finansiering frå NFR og EU. Alle forskingsområdene har og som målsetting å styrke samarbeidet med praksisfeltet. HiSF har som ambisjon å vidare styrke forskingsinnsatsen innan ingeniør- og teknologifaga og i profesjonsfaga gjennom strategiske forskingsinnsatsingar, og knyte enno sterkare band til nærings- og arbeidsliv gjennom desse satsingane.



Høgskulen har og eit Horisont 2020-prosjekt MOVE innanfor ungdomssosiologi. Slike prosjekt er viktig for høgskulen for å knytte internasjonale band til forskarar og institusjonar som er langt framme på høgskulen sine prioriterte fagfelt, for å styrke fagmiljøa gjennom forskarutveksling og felles publikasjonar, og for å synleggjere den internasjonale relevansen av forskinga ved HiSF. Arbeidet mot fleire EU-prosjekt skal vidare styrkast gjennom støttetjenester i samarbeid med Vestlandsforskning som blir delfinansiert frå Sogn og fjordane fylkeskommune.

### 1.7.3 Tiltak

1. HiSF skal etablere eit tiltak for kvalitet i søknader som skal etablere «best practice»
2. HiSF skal legge til rette på arbeidsplanen for at aktive forskarar og forskingsmiljø kan skrive søknader til NFR
3. HiSF skal vektlegge gode søknader til NFR som eit viktig kriterium ved tildeling av intern fou-tid
4. HiSF skal etablere eit støttesystem for søknader til EU og Horizon 2020 saman med Vestlandsforskning
5. HiSF skal styrke sterke fagmiljø gjennom strategiske forskingsprogram, og i tillegg styrke forskningssinnsatsen særskilt mot MNT-fag
6. HiSF skal bygge solide fagmiljø med sterke samarbeidspartar innan næringsliv, offentleg sektor, instituttsektoren og UH-sektoren
7. HiSF skal stimulere doktorgradsstipendiatar og fagtilsette til å reise utanlands gjennom eigne internasjoniseringsstipend for utanlandsopphald og besøk frå internasjonale gjesteforskarar

### 1.8. Verksemdsmål

**Fou-arbeidet ved HiSF skal ta utgangspunkt i interesse og motivasjon hos fagtilsette, og arbeidet med fou skal vere inkluderande og motiverande og ha gode rammevilkår**

#### 1.8.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing 2016
	2012	2013	2014	2015	
Tal tilsette i fou-stipend	-	7	8	12	8
Tal tilsette som publiserar	52	66	107	110	120
Del UFF-stillingar som publiserer (%)	26,8	31,7	50,0	50	55

#### 1.8.2 Analyse


Talet tilsette i fou-stipend er avhengig av dei økonomiske rammevilkåra for høgskulen, men det er ei målsetting å auke talet stipend framover for å nå målsettingane om høg vitenskapleg publisering og høg kompetanse. Ein aukande del av dei tilsette i UFF-stillingar som publiserer i poenggejvande vitenskaplege kanalar, men utviklinga må likevel halde fram mot at 50 prosent av dei fagtilsette publiserer vitenskapleg kvart år i 2020 dersom ein skal nå målsettingane innanfor dette området. Det blir og lagt vekt på å både stimulere fleire tilsette til å delta i fou-arbeid, og å stimulere tilsette som allereie er aktive til å publisere meir.

Tiltaka for å stimulere måloppnåing under sektormål 2 er satt inn i eit system som ulike byggeklossar i det ein kan kalle fou-pyramiden ved HiSF. Tiltak som er meint å treffe breitt og mange ligg i botnen av pyramiden. Utviklingsmidlar skal stimulere til komme i gang med forskingsaktivitet i fagmiljø, skriving skal sette god kvalitet i skriving på dagsorden for alle fagtilsette, eit fond for infrastruktur skal vere med å støtte opp om forskning- og utdanning for å gje god tilgang til utstyr, søknadskompetanse skal gje søknadsstøtte og kvalitetssikring av søknader om ekstern finansiering, og kompetanseprogrammet skal vere ein naturleg del av kvar tilsett si faglege utvikling fram mot opprykk og kvalifisering.

Neste nivå i pyramiden treff noko smalare, men stiller og høgare krav til dei fagmiljøa og tilsette som deltek. Publikasjonar, kompetanse og evne til å hente ekstern finansiering er med på å kvalifisere fagmiljø og tilsette til ulike typar fou-stipend, til leiingsressursar for strategiske forskingsprogram, og for doktorgradsstipendiatstillingar.

Det øvste nivået i pyramiden treff dei spissa satsingsområda der vi HiSF skal vere nasjonalt og om mogleg internasjonalt leiande på området, og der høgskulen skal arbeide for å utvikle eigne doktorgradsprogram og status som nasjonale framifrå forskingssentra.

Innhaldet i dei ulike komponentane i fou-pyramiden skal vidarutviklast i 2016.



### 1.8.3 Tiltak

1. HiSF skal legge stor vekt på fou-kompetanse ved tilsetting i fagstillingar
2. HiSF skal legge til rette for samanhengande konsentrert fou-tid på arbeidsplanen for tilsette
3. HiSF skal vektlegge rettleiing av doktorgradsstudentar og kollegaer, og søknader om ekstern finansiering av fou-prosjekt, ved tildeling av intern fou-tid
4. HiSF skal ha eit aktivt kompetanseprogram for å stimulere til fou-arbeid for tilsette
5. HiSF skal aktivt bruke II-ar stillingar for å stimulere fou-arbeid og bygge faglege nettverk



## Sektormål 2

### Forskning og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

HiSF skal vere ein open og engasjert institusjon som er synleg og set spor etter seg. Høgskulen skal formidle viktige forskingsresultat i media og på eigne nettsider, og bidra med faktakunnskap i samfunnsdebatten. Høgskulen skal stimulere til verdiskaping gjennom innovasjon, og vere ein viktig regional utviklingsaktør. Høgskulen skal framfor alt utvikle ny kunnskap saman med praksisfeltet som skal bidra til ei *endring av praksis* for brukarar, yrkesutøvarar og som eit viktig vedtaksgrunnlag for styresmakter.

#### 2.1 Verksemdsmål

HiSF skal vere relevante for samfunns- og arbeidsliv.

##### 2.1.1 Styringsparametrar

Styringsparameter: Innovasjon

- Bidragsinntekter frå Forskningsrådet per faglig årsverk (rapporteres i tabell for styringsparameter 1.7.1)

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing 2016	Snitt SH 2014
	2012	2013	2014	2015		
BOA utanom EU og NFR (1000 kr)	13501	20916	25301	28584	35000	33767
BOA utan EU/NFR per UFF-stilling	69,6	100,4	118,1	129,1	152	113,7
BOA som del driftsinntekter (%)	4,5	6,0	6,3	6,8	7,0	-
Bidragsfinansiert BOA (%)	52,0	71,6	72,3	40,1	50	63

##### Kvalitativ styringsparameter: Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv.

Høgskulen skal vere ein viktig partner for samfunns- og næringsliv gjennom å tilby relevante utdanningar, innovative fou-prosjekt med relevans for samfunnet, og faktabasert kunnskap til samfunnsdebatten. Høgskulen skal vidare styrke samarbeidet med viktige delar av regional offentleg forvaltning gjennom Fylkeskommunen, Fylkesmannen, kommunar, NAV og Helse Førde i 2014. Høgskulen skal og styrke samarbeidet med energibransjen gjennom næringsretta forskingssamarbeid i søknader til NFR, og samarbeidet med Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane om ei langsiktig styrking av høgare utdanning i Sogn og Fjordane. Høgskulen har etablerte prosjektsamarbeid med Vestlandsforskning, og samarbeidet skal styrkast gjennom ei stilling som skal rådgje i søknadsprosessar mot EU og Horizon 2020 i samarbeid med Vestlandsforskning og Fylkeskommunen.

Høgskulen skal utvikle vidare samarbeidet med dei andre utdanningsinstitusjonane i UH-Nett Vest gjennom konkrete prosjektsamarbeid, arbeidsdeling innanfor utdanning av subseaingeniørar ved Høgskulen i Bergen sitt studium i Florø, og gjennom forskingssamarbeid innan spesielt RUS og tenester knytt til NAV. Høgskulen skal vidare styrke samarbeidet innan ingeniør- og teknologifag gjennom eit tett utdannings- og forskingssamarbeid i TeknoVest. Ein skal og styrke satsinga på velferdsteknologi gjennom å kople helsefagleg- og teknologikompetanse enno tettare saman. Høgskulen har og eit tett samarbeid med byggebransjen rundt byggingeniørstudiet i Førde i samarbeid med Høgskulen i Bergen. Vi skal og arbeide vidare saman med IT-forum Sogn og Fjordane

for å greie ut retninga for eit IT-studium i regi av høgskulen for å dekke regionale kompetansebehov i offentleg og privat sektor.

Høgskulen skal satse på samfunns- og arbeidslivsrelevante etter- og vidareutdanningar på områder der høgskulen har kompetanse, og der det er eit godt rekrutteringsgrunnlag med tilstrekkeleg finansiering. Høgskulen skal og arbeide for å styrke relasjonen til dei store utdanningsinstitusjonane som vidareutdannar innanfor høgskulen sine fagfelt, og styrke samarbeidet med viktige nasjonale forskingsaktørar innanfor dei prioriterte satsingsområda.

Høgskulen har og eit etablert forskingssamarbeid ved ingeniørutdanninga med Polen gjennom EØS-midlar tildelt via NFR, og skal ytterlegare styrke dette samarbeidet gjennom utveksling av studentar, doktorgradsstipendiatar og tilsette. Det er og etablert slike samarbeidsprosjekt med miljø i Tsjekia ved Avdeling for samfunnsfag. HiSF skal vidare søke slike EØS-midlar til forskingssamarbeid med andre land i 2016 der det er relevante utlysingar. Høgskulen er og partner i prosjektet MOVE i Horizon 2020 som vil styrke det internasjonale samarbeidet innanfor dette området.

Rådet for samarbeid med arbeidslivet (RSA) skal vere ein viktig arena i arbeidet med å styrke samarbeidet med regionalt og nasjonalt arbeidsliv. RSA skal brukast aktivt for å få innspel frå samfunns- og arbeidsliv om viktige kompetansebehov, strategiske satsingar og utfordringar som regionen vil utfordre høgskulen til å møte. RSA skal gje innspel for å vidareutvikle høgskulen sine utdanning- og forskingsfelt.

Høgskulen har ei viktig regional rolle med eit veldig godt samarbeid med regionale offentlege aktørar, og skal vidareutvikle denne rolla – spesielt gjennom NFR si satsing på Innovasjon i offentleg sektor, og i samarbeid med Vestlandsforskning og Fylkeskommunen gjennom ein eigen utviklingsavtale der innovasjon i offentleg sektor er eitt av delprosjekta.

### **Styringsparameter: Forskingsinnsats i MNT-fag**

HiSF skal auke forskingsinnsatsen framover innan MNT-fag, og særleg innanfor eit framfrå fagmiljø innan geologi og geofare gjennom tildeling av fou-tid og stipendiatstillingar. Det vil og bli etablert ein mastergrad innan Climate Change Management som vil styrke denne forskingssatsinga. Styrkinga innan ingeniørfag skal gjerast i samarbeid med helsefag for å etablere ei satsing mot velferdsteknologi som skal styrke det faglege samarbeidet mellom helsefagsutdanninga og ingeniørutdanninga som er samlokaliserte på Campus Førde. Det vil her blir søkt vidare ekstern finansiering av forskingssatsinga innan «Aktiv robot rehabilitering av slagpasientar» utover dei midlane som allereie er løyvd gjennom IKTPLUSS-programmet i NFR. Satsinga på velferdsteknologi skal skje i samarbeid med Helse Førde, kommunar og Vestlandsforskning, og andre sterke nasjonale fagmiljø på prosjektbasis.

#### **2.1.2 Analyse**

HiSF skal auke omfanget av eksternt finansierte verksemd ved høgskulen. Det er og tilsett ein eigen prosjektrådgjevar for å følgje opp slike prosjekt rundt budsjettering og økonomisk rapportering. Eksternt finansierte verksemd som oppdrag for offentleg sektor og næringsliv er viktig for å styrke både utdannings- og forskingsaktiviteten ved høgskulen, og for å sikre at høgskulen er regionalt relevant innan sine fagområder. Dette er eit ambisiøst mål med moderat risiko. Med bakgrunn i utdanningsprofilen med få næringsretta studium er det er likevel ei utfordring å få auka samarbeidet med næringslivet. Ein større del av den næringsretta BOA har kome frå samarbeidet med energibransjen i regionen, og høgskulen fekk tilslag på ein stor søknad mot NFR og SHP-programmet i 2014 med betydeleg finansiering frå regional energibransje, banknæring og fylkeskommunen. Det er

signalisert at det på grunn av vanskelegare økonomiske tider kan bli meir utfordrande å få eksterne næringslivsmidlar i 2016.

Det er knytt usikkerhet til kor mykje regionale utviklingsmidlar, midlar til næringsutvikling og andre satsingar i regionen, og difor ein risiko til kor mykje av eksternfinansiert bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet som høgskulen er i stand til å hente inn frå regionale aktørar. HiSF har likevel ein mindre del av den eksternfinansierte verksemda frå konjunkturavhengig næringsliv, og ein betydeleg større del frå det offentlege. Usikkerheten rundt tilgang på eksterne midlar er difor moderat for HiSF. Konsekvensar av redusert eksternfinansiert verksemd vil gå inn som reduksjonar i driftsbudsjettet til høgskulen, og vil difor vere av betydning for den totale aktiviteten ved HiSF.

### 2.1.3 Tiltak

1. HiSF skal innarbeide gode prosjektstyrings- og kvalitetssikringsrutinar for forskingsprosjekt for å sikre høg fagleg og forskningsetisk standard
2. HiSF skal delta i tilskipinga av relevante faglege konferansar retta mot arbeids- og samfunnsliv.
3. HiSF skal legge til rette for at doktorgradsstipendiatar og studentar kan hospitere hos bedrifter og offentlege verksemdar
4. HiSF skal saman med regionalt samfunn- og arbeidsliv tilby relevante utdanningar der det er rekrutteringsgrunnlag i regionen, tilstrekkeleg finansiering og eit godt regionalt arbeidsmarknad for ferdige kandidatar.

## 2.2 Verksemdsmål

**HiSF skal formidle resultatata frå fou-aktiviteten til samfunnet, og auke bruken av «open access» publisering**

### 2.2.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing 2016	Snitt UH 2014
	2012	2013	2014	2015		
Tal fou-resultat i CRISStin	477	509	450	613	650	-
Tal publikasjonar Open Access	17	24	25	26	30	-
Periodikaartiklar (%)	78,1	59,8	52,1	66,5	60	57,5
Antologiartiklar (%)	16,6	40,2	39,1	29,7	35	40,2
Monografiar (%)	5,3	0	8,8	3,8	5	2,3
(Pop.)vitskapelege publ./posters	226	269	160	199	230	-

### 2.2.2 Analyse

Det er eit aukande tal registreringar av fou-resultat i CRISStin, og det har dei siste åra vore ei auke i vitskapelege og populærvitskapelege presentasjonar, og eit auka fokus på arrangement rundt Forskningsdagane. Det har og vore formidla relevante fou-resultat i media gjennom målretta arbeid med tipsing og tilrettelegging av informasjon som har resultert i mange oppslag i regionale og nasjonale meida. Det har og vore ei stor auke i mengda artiklar publisert på Forskning.no, og der fleire av artiklane har vore på lista over dei mest leste dei månadene. Kommunikasjonsrådgjevar Katrine Sele fekk og prisen for «Årets artikkel» på forskning.no i 2015. Høgskulen har og hatt eit

samarbeidsprosjekt på forskningsformidling saman med Vestlandsforskning og Fylkeskommunen i 2015, og som blir vidareført utan ekstern finansiering i 2016.

Vekta mellom dei ulike vitskaplege publiseringsskanalane har variert frå år til år, men det er og ynskjeleg at forskingsgrupper gjennom fokus på å rettleie av kollegaer til vitskaplege publisering går saman om å skipe til fleire antologiar med fagfellevurdering i vitskaplege kanalar. Høgskulen skal ha som mål å publisere fleire utviklingsarbeid i vitskaplege kanalar. Høgskulen skal og stimulere fagtilsette til å publisere meir i open-access kanalar, og har oppretta eit eige fond for slik publisering.

### 2.2.3 Tiltak

1. HiSF skal aktivt formidle eigen fou-aktivitet på eigne heimesider, gjennom Forskingsdagane 2016, Forsking.no og i samfunnsdebatten.
2. HiSF skal formidle fou-resultat på eigne nettsider og i andre media – her og sosiale media
3. HiSF skal stimulere fleire tilsette til å publisere gjennom antologiartiklar
4. HiSF skal ha fokus på open-access publisering, og dekke utgiftene til slik publisering

## 2.3 Verksemdsmål

**HiSF skal aktivt bidra til innovasjon og verdiskaping i privat og offentleg sektor**

### 2.3.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Målsetjing 2016	Snitt SH 2014
	2012	2013	2014	2015		
Tal partnerskap i innovasjon/verdiskaping	1	1	1	1	1	-
Tal bedriftsetableringar	0	0	0	0	1	0,3
Tal mottekne forretningsidear	0	0	5	3	5	5,3
Tal lisensieringskontraktar	0	0	0	0	0	0
Tal patentsøknader	0	0	0	0	1	0,2

### Kvalitativ styringsparameter: HiSF skal bidra til regional nyskaping og innovasjon.

Høgskulen har eit særleg ansvar for å bidra til nyskaping og innovasjon i regionen, og skal aktivt søke midlar gjennom det regionale forskingsfondet for vestlandet for å stimulere til verdiskaping saman med regionale aktørar. Høgskulen skal gjennom undervisning, studietilbod og studentbedrifter stimulere og legge til rette for entrepenørskap, og skal saman med andre arrangere Næringslivskonferansen for å stimulere til dialog med næringslivet i regionen. Høgskulen har etablert eit strategisk partnerskap med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane for å stimulere til innovasjon, og slik styrka arbeidet med å stimulere til nye forretningsidear som blir vurderte for opptak i deira inkubator. Desse forretningsideane er både tilsett- og studentinitierte, og det skal jobbast vidare med å nå fleire studentgrupper og å motivere tilsette til å tenke innovasjon i sitt arbeid.

Høgskulen skal og vere ein pådrivar for å søke om fou-prosjekt saman med regionalt samfunns- og næringsliv mot Forskingsrådet for å stimulere til auka fou-innsats. Høgskulen skal vere ein viktig kompetansemeklar for fou generelt innan regionen, og innanfor utvalde område nasjonalt.

### 2.3.2. Analyse

Høgskulen deltek i Næringsforum-prosjektet i regi av Fylkeskommunen, og er ein aktiv samarbeidspartnar i regionen. Utdanningane ved høgskulen er i stor grad er retta mot offentleg sektor, og difor er det ei ambisiøs målsetting å skape mange nye næringsbedrifter ut i frå fou-aktiviteten ved høgskulen. Det vil vere ein ambisjon framover for høgskulen å betre kommersialiseringsarbeidet fram til bedriftsetableringar.

Høgskulen får generelt gode tilbakemeldingar for sitt samarbeid med samfunns- og arbeidsliv i regionen, men har og utfordringar med å kome nok i inngrep med regionalt næringsliv utover energibransjen. Som eit ledd i å møte denne utfordringa vil høgskulen styrke den næringsrelevante forskingsinnsatsen i MNT-faga, samt fokusere meir på innovasjon og bedriftsetableringar innan fleire av utdanningane ved HiSF.

### 2.3.3 Tiltak

1. HiSF skal aktivt stimulere regionale aktørar til økt fou-innsats gjennom søknader til NFR og RFF.
2. HiSF skal vedta felles retningslinjer som regulerer intellektuelle rettar ved forretningsidear frå studentar som kjem fram i samarbeid med rettleiar.
3. HiSF skal legge til rette for eigne studentbedrifter.
4. HiSF skal vidareutvikle innovasjonssystemet saman med Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane for å motivere tilsette og studentar til å registrere forretningsidear.

## 2.4 Verksemdsmål

### HiSF skal utvikle ny kunnskap som bidrar til endring av praksis

#### 2.4.1 Kvalitativ styringsparameter: Ny kunnskap som bidrar til endring av praksis

Høgskulen skal utvikle kunnskap som fører til ei endringar av arbeidsmåtar i praksis. Særskilt skal dette gjelde i fou-arbeidet innanfor forskingsprosjekta som ser på samanhengen mellom fysisk aktivitet og skuleprestasjonar, og på kvifor skuleprestasjonane i Sogn og Fjordane er svært når gode når alle andre faktorar som er viktige i resten av landet talar i mot dette. Vidare skal kunnskapsutviklinga i fou-prosjekt innan helse- og velferdsforskingstiljøa i høgskulen gje ny kunnskap som studentar, tenesteytarar og brukarar skal ta i bruk i nye eller endra måtar å utføre oppgåver på. Høgskulen sin forskingsaktivitet innan klima og miljø skal føre til nye arbeidsmåtar og endra praksis hos oppdragsgjevarar og i sektoren. Høgskulen skal og arbeide målretta for å drive aktiv kunnskapsoverføring mellom praksisfeltet og utdanningsinstitusjonar.

#### 2.4.2 Analyse

Høgskulen har eit tett samarbeid med offentlege forvaltningsaktørar og regionale styresmakter innanfor profesjonsfeltet ved høgskulen, og høgskulen har eit svært godt renommé for å utvikle forskingsbasert kunnskap som er relevant for praksisfeltet. Dette arbeidet blir trekt fram nasjonalt som noko HiSF lukkast med, og skal vidareutviklast og styrkast gjennom vidareutdanning, forskingsprosjekt og grunnutdanningane ved HiSF i 2016.



### 2.4.3 Tiltak

1. HiSF skal drive fou-arbeid *saman med* praksisfeltet for å styrke graden av implementering for resultatene i praksis etter prosjektet
2. HiSF skal formidle kunnskapsutviklinga gjennom konferansar for praksisfeltet
3. HiSF skal bruke kunnskapsutviklinga i fou-prosjekt, praksisopphald og feltarbeid til å forbetre studentane sitt læringsutbytte i utdanningane
4. HiSF skal prioritere praksisnære fou-prosjekt som utviklar ny kunnskap og som kan bidra til endringar i praksisfeltet



## Sektormål 3

### God tilgang til utdanning

#### 3.1 Verksemdsmål

Kandidatar frå HiSF skal ha utdanningar som er relevante for samfunns- og arbeidsliv.

##### 3.1.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjonsnivå 2016	Gjennomsnitt nasjonalt 2016
	2012	2013	2014	2015		
Del bachelorstudentar (%)	64	70	70	71,7	72	
Del masterstudentar (%)	7	7	7	8,8	10	
Bachelorgradar	20	21	21	21	21	
Akkrediterte mastergradar	4	4	4	4	7	
Vidareutdanningar				39	45	
Del kandidatar som vurderte at utdanninga er ganske eller svært nyttig i arbeidssituasjonen*				92,4		
Skåre på Studiebarometeret på samla vurdering av eige læringsutbyte i studiet		3,7	3,8	3,8	3,9	
Samla skår på Studiebarometeret på spørsmål om relevans for arbeidslivet				4,4	4,5	
<b>Kandidatmål AOI</b>				15	11	
<b>Kandidatmål sjukepleie</b>			122	154	110	
<b>Kandidatmål vernepleie</b>			28	31	21	
<b>Kandidatmål BLU</b>			20	53	35	
<b>Kandidatmål GLU 1-7</b>			26	31	30	
<b>Kandidatmål GLU 5-10</b>			18	23	26	
<b>Kandidatmål PPU</b>			92	36	48	

\*Frå kandidatundersøkinga 2015.

##### 3.1.2 Analyse

Høgskulen i Sogn og Fjordane skal halde fram med å utdanne kandidatar for eit breitt yrkesfelt. Hovudtyngda av utdanningane våre er på bachelornivå, der utdanningar til skule, helse- velferdssektoren utgjør ei viktig gruppe. Dette er praksisnære utdanningar der høgskulen har tett dialog med praksisfeltet. Høgskulen vil halda fram satsinga på næringslivsretta utdanningstilbod, og har ambisjon om å starte opp Ingeniørfag bygg og anlegg i samarbeid med Høgskulen i Bergen i 2016. Studiet er sterkt etterspurt av næringslivet i Sogn og Fjordane.

Høgskulen ønskjer å kunne tilby femårige lærarutdanningar, samstundes som vi styrkar tilbod om vidareutdanningar for lærarar. For å sikre høg kompetanse og attraktive utdanningar, har høgskulen ambisjonar om eigen akkreditering for tre nye masterutdanningar; Climate Change Management, spesialpedagogikk og idrettsvitskap.

Framover vert det satsa på å styrke kontakt med arbeids- og næringsliv også for andre utdanningar. Samarbeidet gjennom RSA er eit viktig kontaktpunkt, det same er høgskulestudentane sine nye linjeforeiningar som er etablert dei siste åra. Studieplanane vert utvikla i samarbeid med eksterne deltakarar i studienemndene knytt til kvar utdanning, og i studiet vert det lagt til rette for yrkesretta prosjekt og oppgåveskriving.

Karrieresenteret ønskjer å vidareutvikla tenester som gjer studentane godt rusta for overgangen til arbeidslivet, med tilbod som er tilpassa dei to studiestadene.

### **3.1.3 Tiltak**

1. Vidareutvikle Karrieresenteret sitt tilbod om karriererettleiing, jobbsøkarkurs og intervjutrening.
2. Utvikle Rådet for samarbeid med arbeidslivet (RSA) til i større grad vera ein viktig arena for samarbeid med regionalt arbeidsliv.
3. Ha tett kontakt med næringslivet gjennom studienemndene, og sikre relevante læringsutbytter i studieplanane.
4. Stimulere og legge til rette for at studentane kan samarbeide med næringslivet om prosjekt og oppgåveskriving.
5. Vidareutvikle næringsretta og praksisnære bachelorutdanningar, og vurdere bruk av praksis i fleire utdanningar.

### 3.2 Verksemdsmål

Studentar og tilsette skal oppleve ein framtidsretta digital studiekvardag. Høgskulen skal legge til rette for at utdanningstilboda våre er tilgjengelege for flest moglege.

#### 3.2.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultatutvikling				Ambisjons-nivå 2016	Snitt SH 2016
	2012	2013	2014	2015		
Skår på studiebarometeret.no på spørsmål om kor tilfreds studentane er med ikt-tenestene		4,1	3,9	3,9	4	
Tal digitale eksamenar				40	60	
Tal fleksible utdanningar; desentraliserte tilbod og fjernundervisningstilbod				25	30	

#### 3.2.2 Analyse

Prosjektet «Digital kompetanse» har sidan 2011 generert mange nye aktivitetar. Prosjektet har gitt støtte til nettbaserte utdanningstilbod og utprøving av digital eksamen. Høgskulen har som mål å vere langt framme på dette feltet, og følgje med i utviklinga både når det gjeld system og omfang av digitalisert eksamen og sensur. Omfanget av digital eksamen er aukande, og fører til interesse for utvikling av nye vurderingsformer. Nye undervisningsformer vert prøvd ut med utgangspunkt i bruk av nye ikt-løysingar og verktøy.

Høgskulen har dei siste åra satsa på desentraliserte deltidstilbod og nettbasert undervisning for å gjere utdanningstilboda våre tilgjengelege for flest moglege. Særleg lærarutdanningane er langt framme i bruk av digital læringsplattform og nettbasert undervisning. Kompetanse innan bruk av moderne læringsverktøy aukar. Høgskulen stimulerer utviklingsarbeidet gjennom prosjektet Digital kompetanse, og ved å legge vekt på kriterier knytt til bruk av moderne læringsverktøy ved tildeling av høgskulen sin Utdanningspris.

Høgskulen ønskjer eit tett samarbeid med samfunns- og næringsliv for å kome i god dialog om kva behov næringslivet ser for digital forståing og digital kompetanse framover.

#### 3.2.3 Tiltak

1. Sikre god tilgang til moderne it-løysingar for studentar og tilsette
2. Studentane skal få digital forståing, og digital kompetanse skal vera ein integrert del av studie- og emneplanar
3. Vidareføra satsinga på «Digital kompetanse»- prosjektet
4. Støtte opp og oppmoda tilsette om å bruke digitale verktøy
5. Tilby systematisk opplæring og god tilgang på brukarstøtte
6. Vidareføre arbeidet med digital eksamen og sensur

## Sektormål 4

### Effektiv, mangfoldig og solid høgare utdanningssektor og forskingsystem

#### 4.1 Verksemdsmål

Høgskulen skal ha høg kvalitet i økonomiforvaltninga

##### 4.1.1 Styringsparametrar

Kvantitative styringsparametrar (KD)	Resultat			Ambisjon 2016
	2013	2014	2015	
Effektivitet: Antall studiepoeng per fagleg årsverk (DBH)	12,66	12,34	11,74	12.0

##### Kvalitative styringsparametrar:

- Høgskulen skal ha langsiktig økonomisk planlegging, god økonomistyring og god kontroll på utgiftene.
- God gjennomføring av budsjettet innanfor eit avvik på 2-3 % av tildelt ramme ved einingane.
- Ingen vesentlege merknader frå Riksrevisjonen.

Langsiktige økonomiske prognosar skal støtte opp under institusjonen sine mål og strategiar. Langtidsprognosane skal vise trendar og gje ei vurdering av nivået på avsettingane sett i samanheng med institusjonen sine mål og strategiar.

##### 4.1.2 Analyse

Når det gjeld effektivitet og tal studiepoeng per fagleg årsverk, viser tabellen at vi har hatt ein nedgang i frå 2013 til 2015. Avlagde studiepoeng per heiltidsstudent er uendra i perioden, så forklaringa ligg i fleire faglege årsverk. Det kan vere grunn til å kople dette til høgskulen si satsing på forskning og utvikling, med fokus på publisering og auka formell kompetanse i personalet.

For å kunne ha høg kvalitet i økonomiforvaltninga er høgskulen avhengig av ein kvalifisert og kompetent administrasjon. Vi har no fått auka bemanninga og kompetansen i løpet av 2015 og vil ha fokus på den økonomiske planlegginga i 2016. Vi vil ha fokus på å vidareutvikle den interne ressursfordelingsmodellen, implementere Agresso Planner ved alle avdelingar og seksjonar. I tillegg vil vi innføre Agresso Web for og redusere kravet til rapportering for økonomiteamet og legge til rette for at leiarar og økonomirådgivarar kan innhente informasjon sjølv.

Vi vil arbeide vidare med tredje byggesteg. Vi vil også ha fokus på å redusere avsettingane noko, men større reduksjonar i avsetnaden vil ikkje kome før i 2017-2018 då vi har planlagt å nytte avsetningar til investering i Gymnasbygget.

Høgskulen har lite økonomisk slakk for å kunne handtere endringar i driftsnivået og studieproduksjonen. Vi vil ha fokus på høg kvalitet i arbeidet og gode interne prosedyrar. Det er viktig å ha informasjonsrutinar som sikrar at endringar som påverkar styringsparametrane blir fanga opp tidleg slik at det er mogleg å gjere tilpassingar.

### **4.1.3 Tiltak**

Vi skal:

1. yte opplæring og legge til rette for web løysingar til leiarar med budsjettansvar for oppfølging
2. vidareutvikle budsjettmodellen og den interne ressursfordelingsmodellen
3. samordne og forbetre støttesystema i økonomisk planlegging og aktivitetsplanlegging
4. samordne økonomistyringa på dei ulike einingane
5. ha fokus på god internkontroll
6. vidare utvikle gode rutinar knytt til bidrags- og oppdragsprosjekta
7. ta initiativ og ha sonderingar med økonomiseksjon ved HiB, HSH og HVO

## **4.2 Verksemdsmål**

**HiSF skal ha ein effektiv, lærande og målretta organisasjon som legg til rette for og støttar opp om kjerneaktivitetane ved høgskulen.**

### **4.2.1 Analyse**

HiSF skal vere ein moderne organisasjon som er tilpassa behova i samfunnet og regionen. Vi skal vere ein attraktiv høgskule for studentar og tilsette, og vere kjenneteikna av å halde god kvalitet i alle ledd i verksemda.

HiSF skal vere ein høgskule med sterke og gode fagmiljø som har kompetanse og evne til å utvikle høgskulen til ein sterk og framtidsretta organisasjon. For å få dette til er det avgjerande å ha god leiing, aktiv deltaking, godt arbeidsmiljø og omstillingsevne.

Arbeidet med HiSF sin posisjon i UH-landskapet vil halde fram i 2016. Vi er i utgreiingsprosess i høve fusjon med Høgskolen i Bergen og Høgskulen Stod Haugesund, og drøfingane/forhandlingane skal vere gjennomført i løpet av våren 2016. Hausten 2016 vil vere prega av resultatet av denne saka og utfordre oss i ulik grad.

### **4.2.2 Tiltak**

1. Leiaropplæring og kompetansebygging
2. Arbeide for eit godt system for medverknad og god deltaking i prosessar
3. Arbeide for gode informasjonskanalar og god informasjon til tilsette og studentar
4. Etablere godt samarbeid med høgskulane på Vestlandet for å styrke og utvikle tenestene

### 4.3 Verksemdsmål

HiSF skal rekruttere og drive målretta kompetansebygging som sikrar eit høgt kompetansenivå, god kvalitet og profesjonalitet i alle delar av verksemda. Gjennom ein aktiv personalpolitikk skal vi styrke eit helsefremjande arbeidsmiljø, likeverd og likestilling

#### 4.3.1 Styringsparametrar

Styringsparametrar	Resultat				Målsetjing 2016
	2012	2013	2014	2015	
Solide fagmiljø	Kvalitativ vurdering				
Prosentdel førstestillingar	36,4	37,8	38,5	42,7	43
Del kvinner i dosent- og professorstillingar	28,5	28,5	32	37	Auke
Del kvinner i førstestillingar	27,5	37,8	35,2	39,3	Auke
Forholdstal faglege og administrasjon årsverk	2,6	2,6	2,6	2,5	2,3
Del mellombelse stillingar i undervisnings- og forskarstillingar	16,3	17,7	18	12,3	Reduksjon
Sjukefråvær i %	5,9	4,7	4,3	3,6	Halde nivået

#### 4.3.2 Analyse

Med solide fagmiljø meiner vi fagmiljø som er i stand til å ta vare på fagkompetansen innanfor utdanning, forskning og formidling over tid, som utviklar utdanningane i kontakt med arbeidslivet, som har faglege nettverk nasjonalt og internasjonalt, som har forskning som byggjer opp under utdanningane, og som har evne til å skaffe eksterne forskingsmidlar.

HiSF skal vere ein attraktiv arbeidsplass for personar med høg kompetanse, både i fagleg og administrative stillingar. Rekruttering til undervisnings- og forskarstillingar ser vi som særskilt viktig, og HiSF vil halde fram arbeidet med å auke talet tilsette som har førstekompetanse, dosent og professorkompetanse. Vi ser og at talet kvinner i førstestillingar har auka frå 35,2% i 2014 til 39,2% i 2015. Vi vil halde fram arbeidet med å få fleire kvinner med professor/dosent og førstekompetanse jf. tiltak i HiSF sin handlingsplan for likeverd og likestilling.

Rekrutteringa kan gjerast både i form av kvalifisering av eigne tilsette og gjennom ekstern rekruttering. Vi arbeider aktivt med dette gjennom kompetanseprogram og forskarstipend. Sjukefråværet var svært lågt i 2015 og det kan vere vanskeleg å redusere dette ytterlegare. Vi vil arbeide for å halde sjukefråværet lågt gjennom god personalpolitikk, deltaking og medverknad og godt IA-arbeid.

#### 4.3.3 Tiltak

1. Strategisk og målretta rekrutteringsarbeid
2. God kompetanseplanlegging (alderssammensetning og kompetanseoversikt)
3. Arbeide vidare med utvikle kompetanseplanar

#### 4.4 Plan for tildelt løyving

Budsjettet for 2016, med ei total kostnadsramme på 381 mill kroner, er utforma for å gjennomføre høgskulen sine strategiar for utdanning, fou og formidling.

HiSF har dei seinare åra hatt god studiepoengproduksjon, som har gjeve god auke i inntekter frå Kunnskapsdepartementet. Dette vil truleg flate ut dei komande åra og vi har i prognosen ikkje lagt inn noko auke i studiepoengproduksjon.

For 2016 har vi eit budsjett i balanse. Kva som skjer i 2017 og år deretter er meir usikkert, spesielt med tanke på prosessen vi no er inne i med tanke på fusjonssonderingar med Høgskulen i Bergen og Høgskulen Stord Haugesund. Dette er usikre tal og svært avhengig av vedtak som blir gjort av styret ved HiSF.

Rekneskapen for 2015 viser eit akkumulert mindreforbruk på 17 mill kroner; dette skal fylgjeleg disponerast i samsvar med styrevedtaket:

	Overskot	Disponering
<b>Akkumulert overskot</b>	17 030	
Overførast iht styrevedtak		8 797
Overført til fagavdelingar		8 288
Overført bibliotek		-139
Overført IT		-280
Overført FoU		364
<b>Sum</b>	<b>17 030</b>	

Tal i heile tusen

#### Budsjett og prognose 2016 – 2019

Tal i heile tusen	Budsjett 2016	Budsjettprognose		
		2017	2018	2019
Basisløyving frå KD	268 142	268 200	268 200	268 200
Studiepoengproduksjonløyving frå KD	109 227	109 300	109 300	109 300
Andre driftsinntekter	1 000	1 000	1 000	1 000
Løns- og prisvekst	0	0	0	0
<b>Driftsinntekter</b>	<b>378 369</b>	<b>378 500</b>	<b>378 500</b>	<b>378 500</b>
Lønnskostnader	-238 531	-235 800	-235 800	-235 800
Investeringar	-7 461	-7 000	-7 000	-7 000
Husleige	-61 287	-61 300	-63 000	-64 600
Energikostnader	-5 400	-5 400	-5 400	-5 400
Andre driftskostnader	-52 456	-52 500	-52 500	-52 500
Strategiske midler	-12 550	-15 200	-17 000	-16 900
<b>Driftskostnader</b>	<b>-377 685</b>	<b>-377 200</b>	<b>-380 700</b>	<b>-382 200</b>
Avsetnad bygg	-3 000	-4 000	-2 500	-1 000
Dekningsbidrag frå prosjektverksemd	4 700	4 700	4 700	4 700
Eigenfinansiering til prosjekt	0	0	0	0
skotterte studiepoeng inntekter HSFO	-2 384	-2 000	0	0
<b>Disponeringar / avsetningar</b>	<b>-684</b>	<b>-1 300</b>	<b>2 200</b>	<b>3 700</b>
<b>Årets mindre-/meirforbruk</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## C: Større investeringsprosjekt

---

### Sogndal

Hausten 2014 kjøpte Statsbygg, på vegne av HiSF, Gymnasbygget av Sogn og Fjordane fylkeskommune. Avtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune om kjøp av Gymnasbygget vart undertekna i oktober 2014, og med dette var HiSF i gang med tredje byggjesteg i Sogndal. Partane vart samde om ein pris på 36 millionar kroner. Statsbygg overtek etter planen eigedommen i august 2017. Så følgjer det eitt år med oppussing av heile bygget, før høgskulen tek bygget i bruk sommaren 2018.

Fosshaugane Campus omfattar i dag Fosshbygget, Høgskulebygget, Guridalsbygget og Guristova. I tillegg leiger HiSF areal av Sogndal Fotball i Skotet, Stadionbygget og Svingen. Det samla arealet til høgskulen er planlagt til å vere om lag 22.000 kvadratmeter. Ved ei overtaking av Gymnasbygget, vil HiSF flytte ut av Svingen, Guridalsbygget og Skotet.

Byggeprosjektet er finansiert over kurantordninga til Staten. Kurantprosjekt er byggeprosjekt der leigetakar forpliktar seg til å dekke husleiga som følgjer av prosjektet innafor sine gjeldande budsjettammer. Statsbygg forvaltar eigedomane og står for utleige til staten sine verksemdar. Budsjetterte kostnader i samband med kjøp og ombyggingskostnadar gir ein leigekostnad som skal ligge innanfor HiSF sine økonomiske ramar.

Hausten 2015 starta Statsbygg for fullt prosjekteringa av Gymnasbygget, slik at det tilfredsstillar HiSF sine behov for kontorplassar, møterom, studentareal, undervisningsrom, spesialrom og auditorium. Samstundes vart det nedsett ei brukargruppe som har jobba med kven som skal flytte inn i Gymnasbygget, kva rom ein har behov for og kva funksjonar bygget skal innehalde.

I oppdragsbrevet frå høgskulen til Statsbygg har HiSF formulert samfunns mål, effektmål og resultatmål for Gymnasprosjektet:

#### Samfunns mål

- Styrke campus med samlokalisering av tilsette og studieretningar.
- Styrke HiSF som institusjon og som attraktiv samarbeidspartnar for samfunns- og arbeidsliv i regionen.

#### Effektmål

- Fremje studentane og tilsette sitt studiemiljø/læringsmiljø/arbeidsmiljø.
- Bidra til effektivisering av HiSF si verksemd.
- Bidra til plass til studieretningane.

#### Resultatmål

- Kostnad: Prosjektet skal leverast innanfor avtalt styringsramme.
- Tid: Bygget skal takast i bruk til studiestart hausten 2018.
- Kvalitet: Berekraftig, fleksibelt og funksjonelt bygg med nøktern standard.

Statsbygg har vurdert den tekniske kvaliteten til Gymnasbygget, og har funne at det ikkje er synlege feil på dei berande konstruksjonane. Men mykje må gjerast i forhold til isolasjon av tak og veggjar, og fornying av ventilasjonsanlegget.

Bygget skal nyttast til undervisningsrom og kontor og ein fullfører tanken om å samle alle aktivitetane til høgskulen på Fosshaugane Campus. Gymnasbygget ligg plassert midt i campus-området, og husar i dag allmennfagselevane ved Sogndal vidaregåande skule. Desse skal etter planen

flytte inn i eit nytt bygg, og samlokalisert med yrkesfagutdanningane ved skulen. I dag blir området utanfor 5. etasje i Høgskulebygget mykje brukt som vrimeareal, og med kjøpet av Gymnasbygget vil moglegheitane for gode og levande uteplassar bli endå større.

## **Førde**

HiSF i Førde opplever ei positiv utvikling med auka studenttall både på ingeniør og sjukepleieutdanningane. Dette fører til press på areal, både på undervisningsrom og kontor. Høgskulen engasjerte hausten 2014 Statsbygg for å hjelpe til med kartlegging og vurdering av tiltak for å auke kapasiteten. I første omgang innan for eksisterande bygningsmasse, etter kvart som utviding av bygningsmasse.

Etter å ha gjennomført ein behovsanalyse og mulighetstudie som har kartlagt bruken av bygningsmassen i Førde, er det bestemt at det skal byggast eit teleskopauditorium i Festsalen i Førde. Vi må arbeide vidare med å finne løysing for kontorarbeidsplassane som i dag er i mellombelse lokale (brakke) som ikkje tilfredsstillar dagens krav til standard, og som vi har dispensasjon frå Førde kommune for å få nytte.



## VI Årsrekneskap

---

### A: Leiarkommentarar til rekneskapen per. 31.12.2015

---

#### Institusjonen sitt føremål

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) er lokalisert i Sogndal og Førde. Høgskulen har eit breitt tilbod av yrkesnære utdanningar og ca. 3.800 studentar og 330 tilsette. HiSF skal tilby høgare utdanning og forskning av høg fagleg kvalitet. Vi skal og sørge for å spreie og formidle resultatane frå den faglege verksemda. Høgskulen ser det som eit særleg ansvar å medverke til kunnskapsutvikling og kompetanseheving i Sogn og Fjordane.

Høgskulen sine kjerneverdier er: «*Kompetent, aktiv og tett på*». Verdiane uttrykkjer det vi står for. "Sikt høgare" er visjonen, som viser at høgskulen har store ambisjonar og siktar mot å verte betre på alle felt. Særleg må vi styrke og heve kompetansenivået hjå tilsette i undervisnings- og forskarstillingar, vi må bli betre på vitenskapleg publisering og vi må styrke oss på internasjonalisering av utdanning og forskning. Samstundes må vi halde fram den positive utviklinga når det gjeld studentrekruttering og gjennomstrøyming i utdanningane.

HiSF si hovudoppgåve er å utdanne studentar som lukkast og å utvikle forskning som kan medverke til endringar i samfunnet.

#### Stadfesting på at rekneskapen er avlagt i samsvar med reglane og opplysningar om revisor

Rekneskapen pr 31.12.15 gjev eit dekkande bilete og er avlagt i samsvar med reglane om økonomistyring i staten og reglane i dei statlege rekneskapsstandardane, rundskriv frå Finansdepartementet og krav frå overordna departement.


Riksrevisjonen er HiSF sin revisor.

#### Vurdering av institusjonen si drift i perioden


Aktiviteten på utdanning i 2015 er vesentleg ei vidareføring av allereie oppstarta studium. Rekrutteringa i 2015 har vore god. Til bachelorstudia rekrutterer vi unge heiltidsstudentar frå heile landet. Vi har og god søknad på masterane våre og den samla kandidatproduksjonen ved høgskulen har aldri vore høgare. HiSF kan vise til god gjennomstrøyming, noko som gir god studiepoengproduksjon og grunnlag for god inntektsutvikling.

Totalt for 2015 er løyvinga frå KD kr 363 millionar. Samanliknar vi med løyvinga for 2014, er det ein auke i løyvinga for 2015 på 23 millionar. Denne auken skuldast pris- og lønsjustering kr 11 millionar og kr 3 millionar i konsekvensjusteringar som følgje av nye studieplassar. I 2015 fekk vi ein ny rekrutteringsstilling på kr 1 million. I tillegg har vi hatt ein auke i resultatbasert utdanningsinsentiv og ein auke i omfordeling av FoU- insentiv på kr 7 millionar i 2015. Sals- og leigeinntekter er vesentleg inntekter frå oppdragsverksemda og utgjer 24 millionar for 2015 og har ein auke på 10 mill i høve fjordåret. Her har den største auken vore på kurs- og studieinntekter. Tilskot og overføringar er inntekter frå bidragsverksemda og utgjer 24 millionar, ein liten reduksjon i høve 2014. Grafen under viser utviklinga i inntektene dei seinare åra.

## Inntekter



## Driftskostnader



Lønskostnadane er den største utgiftsposten ved HiSF. Av samla driftskostnader utgjer lønskostnadane 62 % i 2015, noko som er ein prosentvis auke samanlikna med 2014 og 2013. I kroner har vi hatt ein auke i lønskostnadane på kr 16 millionar i høve til fjoråret. Auken i lønskostnadane kan forklarast med auke i tal årsverk og lønsvekst.

Andre driftskostnader utgjør 35 % av totale driftskostnader i 2015 og er ein reduksjon i høve til 2014, men på same nivå som for 2013. Reduksjon i høve til 2014 er på kr 4 millionar. Dette skuldast hovudsakeleg eit tilskot i 2014 til SISOF knytt til bygging av studentbustader i Nedrehagen (kr 6,5 millionar) i tillegg til ein reduksjon i husleige til Statsbygg i samband med at vi sa opp lokala på Sandane frå 1.juli i 2015. For andre postar har det vore ein auke som skuldast generell prisstiging.

Avskrivningane er 3 % av driftskostnader i 2015, noko som er på tilsvarande nivå som for 2014.

Resultat av oppdragsfinansiert verksemd i 2015 er kr 248.000 mot kr 232.000 for 2014. Inntektene frå oppdragsfinansiert verksemd har auka med ca kr 10 millionar samanlikna med fjoråret.

Totalbalansen har auka med kr 19 millionar. Endringa relaterer seg til auke i likvidar og forskotsbetalte kostnader, i tillegg til netto reduksjon i driftsmidlar som følgje av at årlege avskrivningar overstig årets investeringar.

For gjeld og eigenkapital er det kortsiktig gjeld og avsetnader som har auka. Denne auken relaterer seg hovudsakeleg til leverandørgjeld og auke i avsetnad til løyvingfinansiert verksemd.

Verksemdskapitalen er auka med om lag kr 0,2 millionar, og dette svarer til resultatet frå oppdragsverksemda.

### Vesentlege avvik mellom periodisert resultatbudsjett og resultatrekneskap

